



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 10.01.2017
Tid: 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordførar



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/17	Hamneavgift - Vikeneskaia og Allmenningskaia 2016
PS 4/17	Overdraging av eigedom - Gnr. 13 bnr. 120 - Godkjenning av avtale.
PS 5/17	Spørsmål om anke av skjøn gbr 19/2 "Lerkane" og 19/264 "Elvetomta"
PS 6/17	Opsjon på kjøp av deler av gbr 30/196
PS 7/17	Tildeling av næringstomt
PS 8/17	Fritak frå eigedomsskatt i 2017 etter § 7
PS 9/17	Kulturmidlar - Volda kommune
PS 10/17	Kulturpris - Volda kommune
PS 13/17	Tilleggsøyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget (saka vert ettersendt)
PS 11/17	Orienteringssaker
OS 1/17	HVO Mediefag nybygg. Brukarmøte med Høgskulen i Volda og Volda kommune 07.12.16
OS 2/17	Etablering av ny kommune Hornindal og Volda – Prosjektorganisering
OS 3/17	E39 Volda hamn-Elvegata - Referat frå møte 08.11.16
OS 4/17	Statens vegvesen - Referat frå møte nr. 2/2016 i styringsgruppa til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta
OS 5/17	Protokoll for styremøte, Volda Næringsforum 8.12.2016



VOLDA KOMMUNE

OS 6/17	Studiebygda - framlegg til Partnerskapsavtale
OS 7/17	Sunnmøre regionråd IKS - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 4-2016
OS 8/17	Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016
OS 9/17	Tenestestadstrukturen i Møre og Romsdal - tilråding frå politimeister Ingar Bøen til Politidirektoratet
OS 10/17	Digitalisering i kommunal sektor - Digitaliseringsbrevet til kommunane med digitaliseringsrundskrivet som vedlegg
OS 11/17	Høring - Endringer i statsborgerloven mv. - tap av statsborgerskap ved straffbare forhold eller av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser
OS 12/17	Forsøket med samordning av statlige innsigelser til kommunale planer videreføres i 2017
PS 12/17	Referatsaker
RS 1/17	Referat frå møte i rådmannsgruppa 01.12.2016
RS 2/17	Melding om at Norges Handikapforbund Nord Vest har gjort avtale med Sykkylven kommune om kjøp av aksjar i Furene AS
RS 3/17	Melding om vedtak i Hareid kommunestyre - Utviding av barnevernssamarbeidet mellom Hareid - Ulstein - Volda og Ørsta: Søknad frå Hornindal kommune

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Lars Fjærvold

Arkivsak nr.: 2016/406

Arkivkode: 231

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

3/17

Formannskapet

10.01.2017

Kommunestyret

24.11.2016

HAMNEAVGIFT - VIKENESKAIA OG ALLMENNINGSKAIA 2016

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Hamneregulativet med betalingssatsar vert godkjent slik som det er lagt fram i vedlegg av 04.11.16.**
- 2. Hamneavgifta/betalingssatsar vert rullert årleg i samband med den årlege reguleringa av kommunale avgifter og gebyr.**
- 3. Informasjonsskilt vert plassert som vist i vedlegg 2.**
- 4. Administrasjonen finn ei løysing for innkrevjing av avgift for fritidsbåtar og mindre fartøy.**

Vedleggsliste:

1. Hamneregulativ
2. Kartutsnitt med plassering av informasjonsskilt
3. Gamalt Hamneavgiftsregulativ

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Hamneregulativet og vederlaga for bruk av kaiene i Volda Hamn har ikkje vore regulert sidan 2011. Kommunen går glipp av inntekter då det i dag ikkje er mogleg for fartøya å registrere seg

når dei legg i hamna. Det vert no fremja forslag til nye satsar for vederlaga og gebyr i eit nytt Hamneregulativ.

Hamneregulativet har vore ute til høyring. Det har ikkje kome inn merknader til forslaget.

Saksopplysningar/fakta:

Hamneregulativet og vederlag for bruk av kai og fasilitetar i Volda Hamn (Vikeneskaia og Allmenningskaia) har berre vore regulert ein gong sidan dagens betalingssatsar og retningslinjer vart godkjende og vedtekne av kommunestyret i 2006. Dette var i 2011. Vederlaga som i dag er gjeldande i Volda Hamn (Allmenningskaia og Vikeneskaia) er lågare enn tilsvarande hamner i distriktet (då særleg Hareid, som ein vil kunne samanlikne seg med), og straumavgifta er ikkje i samsvar med den reelle kostnaden kommunen har på forbruk av straum. Det er difor føremålstenleg at satsane vert oppjusterte for å følgje prisutviklinga og dekkje reelle kostnader.

På grunn av manglande registreringssystem er det vanskeleg for teknisk sektor å registrere båtane som legg til kaia. Kommunen går med dette glipp av inntekter til å dekke drift og vedlikehald av kaiarealet. Det er difor naudsynt at ein får etablert ei registreringsordning slik at innkomne skip og båtar kan registrere seg ved tilkomst sjølve.

Priseksempel gamalt regulativ og satsar for ein båt på 56 meter og 787 bruttotonn:

5 liggedøgn = 1002 kr

5 dagar med straum 230V 63Amp = 1705 kr

Totalt = 2807 kr

Priseksempel med nytt Hamneregulativ:

5 liggedøgn = 2138 kr

5 dagar med straum 230V 63Amp = 4209 kr

Totalt = 5847 kr

Det vil i tillegg komme eit eingongsgebyr pålydande kr. 500,- for tilkopling av vatn og straum. Dette gebyret dekkjer timane utrykkings timane til teknisk vakt.

Innkrevjing av kaivederlag

Det er ikkje avsett ressursar i kommunen til å overvake hamneområdet 24 timer i døgnet. Tilsyn må gjerast sporadisk, og innkrevjing av kaivederlag vert som regel gjort berre når større båtar blir liggande lenge til kai. Kommunen går dermed glipp av ei potensiell inntekt. Det er i dag ingen måte for innkomande fartøy å registrere seg sjølve på. Å setje opp informasjonstavle med hamnevedtekter og registreringsskjema med låst postkasse vil gjere det enklare for innkomande fartøy å registrere seg. Kommunen kan da fakturere dei i ettertid. For å sikre at innkomande fartøy registrerer seg kan ein setje eit straffegebyr. Det er foreslått kr 15.000,- i straffegebyr for yrkesfartøy. Kommunalteknisk avdeling vil gjennomføre stikkontrollar og hente utfylde skjema frå postkassa kvar fredag. Det må utarbeidast ei ordning for yrkesfartøy, og ei ordning for fritidsbåtar. For fritidsbåtar vil det kunne vere naturleg at lokalt næringsliv tek imot kaiavgifta på vegne av kommunen. Eller at ein finn eit elektronisk system der båteigarar kan registrere seg ved ankomst. Volda Småbåtlag praktiserer dette i dag. Kommunalteknisk avdeling vert likevel ansvarleg for hamna og gjennomfører stikkontrollar av fritidsbåtar.

Kommunalteknisk avdeling har vore i kontakt med datatilsynet for å undersøke moglegheitene for video overvaking av kai området og elektronisk innkrevjing. Det er strenge krav til video overvaking i offentlege rom og areal. Det må utgjere ein stor tryggleiks fare for ålmenta om overvaking skal vere tillate. Det er heller ikkje lov til å krevje inn gebyr basert på

videoovervaking. Elektronisk overvaking er difor ikkje sett på som eit reelt alternativ i denne saka.

Justering av vederlag og gebyr

Då særleg straumprisane varierar frå år til år, og ein ikkje har installert straummålarar på dei ulike straumkursane på Vikeneskaia, bør ein justere alle satsane i regulativet kvart år i samband med den årlege justeringa av kommunale avgifter under budsjetthandsaminga.

Saka var oppe i formannskapet i samband med vedtak om offentleg ettersyn og høyring. Dette er gjennomført, og det har ikkje kome merknader til forslaget til regulativ.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen helse eller miljøkonsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Volda hamn vil få ein høgare inndekning av faktiske utgifter knytt til drift og vedlikehald av hamna. Oppdatering av regulativet med nye satsar vil gjere drifta av Vikeneskaia og Allmenningskaia meir føreseieleg, og ein vil dekke inn ein større del av dei faktiske utgiftene med drift og vedlikehald av kai arealet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen særleg auke av beredskap.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

VOLDA KOMMUNE
HAMNEREGULATIV MED BETALINGSSATSAR OG RETNINGSLINER
VOLDA HAMN

1 KAIVEDERLAG

Alle fartøy som legg til kai i Volda Hamn plikter å registrere seg ved tilkomst til kaia. Alle fartøy plikter å betale kai vederlag med unntak nemnd i punkt 1.3. All informasjon om registrering og fakturering skal til ei kvar tid være tilgjengeleg på Volda Kommune sine heimeside og på oppslagstavler på kai området.

1.1 Berekningsgrunnlag for kai vederlag

Alle fartøy med unntak nemnt i punkt 1.3, pliktar å betale kai vederlag for bruk av kommunale kaier etter følgjande satsar:

KAI VEDERLAG

BRUTTOTONNASJE	INTERVALL	SATTS PR. TONN
For dei fyrste 300BT	1 - 300	kr 0,66
For dei neste 300BT	301 - 600	kr 0,53
For dei neste 600BT	601 - 1200	kr 0,38
For dei neste 800BT	1201 -2000	kr 0,36

MINSTEPRIS KAI VEDERLAG

PRISTYPE	FARTØYSTYPE	PRISSATTS
Minstepris yrkesfartøy	Fartøy under 12 meter	kr 100,00
Minstepris yrkesfartøy	Fartøy mellom 12-15 meter	kr 200,00
Minstepris yrkesfartøy	Fartøy over 15 meter	kr 300,00

1.2 Kai vederlag for fritidsbåtar

For bruk av kommunale kaier, skal fritidsbåtar betale følgjande vederlag:

Båtar under 10 meter betaler kr. 75,- per døgn.
Båtar over 10 meter betaler kr. 100,- per døgn.

1.3 Grunnlag for ilegging og utrekning av kai vederlag

Følgjande er lagt til grunn for utrekning og pålegg om kai vederlag:

- a. Alle fartøy som legg til kai i Volda Hamn plikter å registrere seg ved tilkomst.
- b. Fartøy som innan rimelig tid etter innkomst ikkje har registrert seg vil utan skriftleg åtvaring kunne bli pålagt eit straffegebyr pålydande kroner 15.000,- per døgn. For fritidsbåtar er gebyret på kroner 1.500,- per døgn.
- c. Kai vederlag betalast fullt ut per påbyrja døgn til kai.
- d. Liggetid vert rekna frå fartøyet legg til kai og til det går frå kai.



VOLDA KOMMUNE
HAMNEREGULATIV MED BETALINGSSATSAR OG RETNINGSLINER
VOLDA HAMN

- e. Eit døgn vært rekna som 24 timer frå tilkomst.
- f. For kvart nytt døgn skal det betalast fullt kai vederlag.
- g. Fartøy som har lasta eller lossa varer plikter å registrere dette før ein forlet kaia.
- h. Fartøy som ikkje registrerer lasta eller lossa varer kan blir pålagt eit gebyr på opp til kroner 15.000,-.
- i. Orlogsfartøy, både norske og utanlandske, er fritakne frå kai vederlag.
- j. Rutegående fartøy er fritakne frå kai vederlag.
- k. Fiskefartøy som omset fangst direkte til forbrukar ved kommunal kai, betalar ikkje kai vederlag innanfor det regulerte området definert i vedlegg I.
- l. Kai arealet som er regulert for omsetting av sjømat direkte til forbrukar kan berre nyttast mellom kl 07:00 til 18:00 alle dagar. Utanfor dette tidsrommet er det ikkje tillate å ligge fortøya til det oppmerka området.

Alle fartøy, enten dei er fritakne frå kai vederlag eller ikkje, pliktar å ta den plassen som vert tilvist frå kommunen. Dersom det er naudsynt kan kommunen seinare krevje forhaling eller flytting av fartøy.

1.4 Langtidsleige

Allmenningskaia

Volda kommune har regulert eit området markert raudt i vedlegg I. Det er her moglegheit til å søkje om langtidsleige direkte til kommunen. Pris og lengde på leigeavtalen avtalast etter skjøn, avhengig av lengde på båt og lengde på avtalen.

Vikeneskaia

Det er mogleg å inngå langtidsleige på Vikeneskaia. Søknad om langtidsleige skal være skriftleg til kommunen. Pris og lengde på leigeavtalen avtalast etter skjøn, avhengig av lengde på båt og lengde på avtalen. Kommunen held fast ved retten til å krevje at fartøy må forlate kaia dersom det oppstår omstende som krev at kai arealet må frigjerast. Leigar skal ikkje betale leige i perioden kommunen krev at fartøyet forlet kaia. Leigar har ikkje moglegheit til å seie opp leigeavtalen utan å betale ein kompensasjon for tapt inntekt for kommunen. Kompensasjonen vert vurdert ut frå lengda på den attståande tida og prisen på leigeavtalen.

1.5 Straffegebyr

Fartøy som ikkje registrerer seg innan ein time etter tilkomst vil verte pålagde eit straffegebyr på kroner 15.000,-.

2 VARE VEDERLAG

For varer som vert lasta eller lossa over kommunal kai skal det betalast eit vare vederlag som vert rekna ut på grunnlag av sendinga si bruttovekt for vektvarer og bruttomål for kubikkvarer. Fartøy som lastar eller lossar er ansvarleg for at varevederlaget og registrering av talet på tonn vektvare eller kubikkvare som blir lasta/lossa.



VOLDA KOMMUNE
HAMNEREGULATIV MED BETALINGSSATSAR OG RETNINGSLINER
VOLDA HAMN

Varevederlag

Tonn vektvare	à 12kr
Kubikkmeter	à 6kr
Singel/sand/pukk pr tonn	à 3,5kr

Vare vederlag dekkar lagring av varar på kaia eller kommunen sine areal i inntil 48 timar etter at vara er lossa/laste frå/til fartøy.

Om same vare blir lasta og lossa frå kaia, betalast vare avgifta ein gong.

2.1 Opplagsvederlag

Varer som vert lossa og opplagd på kommunal kai eller grunn må snarast råd fraktast bort, dersom ikkje kommunen gjeve løyve til lagring.

For varer som vert liggjande lagra over 48 timar (Søndag og heilagdag, 1. og 17. mai er ikkje medrekna) pliktar eigar av vara å betale opplagsvederlag til Volda kommune kvart døgn eller ved start av nytt døgn etter følgjande takstar.

Kr. 10,- per kvadratmeter

Sand, singel, pukk og liknande har ein avgift på 3 kr per tonn.

Kommunen er utan ansvar for varer som vert lagra på kommunal kai eller grunn. Dette gjeld både skade på vare og sikring/avsperring av lagerplass.

3 Straumavgift

Alle fartøy som ønskjer å kople seg på straumnettet betaler ein fast pris per døgn. Minstesum for straumavgift er eit døgn.

Straum avgift

400V Uttak	Kurs	Maks effekt	Grunnpris	Straumpris pr. døgn	Pris 1.døgn
S4	100A	58kw	330	1400	1730
S3	63A	36kw	330	870	1200
S2	32A	18kw	330	440	770
230V Uttak					
S4	125A	42kw	330	1000	1330
S3	63A	20kw	330	480	810
S2	32A	10kw	330	240	570
S1	16A	5kw	330	120	450

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: 70058886

www.volda.kommune.no
Org. Nr. 939 760 946
Bankgiro 3991.07.81727



VOLDA KOMMUNE
HAMNEREGULATIV MED BETALINGSSATSAR OG RETNINGSLINER
VOLDA HAMN

3.1 Påkoplingsgebyr for vatn og straum

Ved tilkopling til vatn og straum kjem det eit tilkoplingsgebyr på kroner 500,- per tilkopling. Avgifta inkluderer også fråkopling. Om vatn og straum tilkoplast samtidig skal ein berre betale for ei tilkopling.

3.2 Kai dimensjonar

Vikeneskaia har ein dimensjonerande tillat vekt på 3 tonn/m² i opplagringskapasitet.

Pullertfesta er 50T, og bruttotonnasje for båt skal ikkje overstige (BT) 12500T totalt.

Dato: 04.11.2016



VOLDA KOMMUNE
HAMNEREGULATIV MED BETALINGSSATSAR OG RETNINGSLINER
VOLDA HAMN

Vedlegg I

Allmenningskaia regulert for ulike formål.



Gult – Regulert for gjestehamn

Blått – Regulert for sal av fisk og anna sjømat

Raudt – Regulert for langtidsleige

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: 70058886

www.volda.kommune.no


Org. Nr. 939 760 946
Bankgiro 3991.07.81727




Plassering av infoskilt Allmenningskaia



Plassering infoskilt Vikeneskaia





VOLDA KOMMUNE

HAMNEAVGIFTER

**MED
BETALINGSSATSAR
OG
REGLEMENT**

KAIavgIFT

Berekningsgrunnlag for kaiavgift

Alle fartøy med unntak av dei som er nemnt i pkt, skal betale kaiavgift for bruk av kommunale kaier etter følgjande satsar:

Kr 0,25 pr. brutto registertonn.

Kaiavgift for fritidsbåtar

For bruk av kommunal kaier, skal fritidsbåtar betale følgjande avgift:

Båtar under 10 meter betalar kr. 50.- pr. påbyrja døgn.
Båtar over 10 meter betalar kr. 75,- pr. påbyrja døgn.

Grunnlag for ilegging av kaiavgift

- a) kaiavgifta skal betalast pr. påbyrja døgn liggetid.
- b) Liggetida vert rekna frå fartøyet legg til og inntil det går frå kai. Det skal betalast kaiavgift for minst eit døgn. Påbyrja del av døgn under 6 timar eller mindre vert rekna som halvt døgn. Påbyrja del av døgn over 6 timar vert rekna som heilt døgn.
- c) Fartøy som fortøyer utanfor eit anna fartøy som ligg ved kai, betaler kaiavgift som om fartøyet var fortøyd i kaia.
- d) Fartøy som får løyve til opplagsplass utover 30 dagar, kan etter avtale med Volda kommune få redusert kaiavgifta.
- e) Orlogsfartøy, både norske og utanlandske er fritekne for kaiavgift.
- f) Rutegående farty er friteken for kaiavgift.
- g) Båteigarar som har avtale med Volda Småbåtlag om betaling for fast bøye eller bryggeplass, skal ikkje betale særskilt avgift til Volda kommune.
- h) Fiskefartøy som omset fangst direkte til forbrukar ved kommunal kai, betalar for maksimum 3 døgn pr kalendermånad

Alle farty, enten dei er fritekne for kaiavgift eller ikkje, pliktar å ta den plassen som vert tilvist frå kommunen. Dersom det er naudsynt kan kommunen seinare krevje forhaling eller flytting av fartøy.

VAREavgIFT

For varer som vert lasta eller lossa over kommunal kai, skal det betalast ei vareavgift som vert utrekna på grunnlag av sendinga si bruttovekt for vektvarer og etter bruttomål for kubikkvarer.

Tilhøvet mellom bruttovekt og volum = 1 : 2, 1 tonn = 2 kubikk meter = 60 kubikkfot, og vert å betale etter følgjande takstar:

a) Kr 10,- pr 1000 kg vektvarer og kr 5,- pr kubikkmeter.

b) Singel, sand, pukk, grus, asfalt og lignende, kr 2,- pr tonn.

Vareavgifta dekker lagring av varer på kaia eller kommunen sine areal inntil 48 timar etter at vara lossa eller lasta frå/til fartøy.

Varemottakar er ansvarleg for vareavgifta for inngåande varer, og vareavsendar for utgåande. Det skal likevel ikkje vere noko i vegen for at vareavgifta kan påleggast transportøren etter avtale, dersom avgifta er inkludert i frakta.

OPPLAGSAVGIFT

Varer som vert lossa og opplagd på kommunal kai eller grunn, må snarast råd fraktast bort, dersom ikkje kommunen har gjeve løyve til lagring.

Varer som vert liggjande lagra over 48 timar (søn- og helgedagar, 1. og 17. mai er ikkje medrekna) pliktar eigar å betale opplagsavgift til Volda kommune for kvart døgn eller deler av døgn etter følgjande takstar:

Kr 4,- pr kvm

Kommunen er utan ansvar for varer som vert lagra på kommunal kai eller grunn. Dette gjeld både skade på vare og sikring/avsperring av lagerplass.

Takstane gjeld for inneverande budsjettår, og kan endrast i samband med budsjettet for 2007.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2016/2083

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

4/17

Formannskapet

10.01.2017

OVERDRAGING AV DELER AV EIGEDOM - GNR. 13 BNR. 120 - GODKJENNING AV AVTALE.

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet godkjenner avtale d.s. 15.11.2016 m/vedlegg 1 og 2 med eigar av Gnr. 13. bnr. 120 Bodil Egset slik det går fram av vedlegg til denne saka.

Vedleggsliste:

1. Avtale mellom Volda kommune (VK) og eigar av Gnr. 13 bnr. 120 Bodil Egset d.s. 15.11.2016
 1. Kart d.s. 22.09.2016
 2. Avtale/fråsegn d.s. 10.06.2003

Samandrag av saka:

Bodil Egset har bede Volda kommune om å få grensejustert sin eigedom Gnr. 13. bnr. 120 slik ho får disponere det arealet ho i samsvar med gjeldande reguleringsplan i framtida skal eige. Rådmannen rår til at søknaden vert innvilga.

Saksopplysningar/fakta:

Eigar av Gnr. 13 bnr. 120 Bodil Egset har kontakta kommunen med tanke på å få ei avklaring og grensejustert sin eigedom i samsvar med reguleringsplan og framtidig disponering av eigedomen.

Avtalen som ligg ved og reguleringsplanen som er lagt til grunn for avtalen inneber at Volda kommune skal overta om lag 135 m² (raud farge) medan kommunen overdreg om lag 5 m² (grøn farge) til eigar av gbr. 13/120.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen utbetaler på dette tidspunktet eit a-konto beløp på kr. 10.000,- for det regulerte vegarealet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Søknaden har vore til vurdering hjå teknisk sektor, som ikkje har noko å merke til avtalen. Det aktuelle arealet er i reguleringsplanen avsett til vegføremål.

Då grensejusteringa er i samsvar med reguleringsplanen og ertstatninga i hovudsak skal skje i samsvar med pkt. 2 i avtalen av 10.06.2003, har rådmannen ikkje noko å merke til at avtalen vert inngått og vil tilrå avtalen godkjent.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Bodil Egset

AVTALE

Mellom Volda kommune (VK), org. nr. 939 760 946)

og

RODOLF EGSET, eigar av gnr. 13 bnr. 120

er det inngått slik avtale:

1. Grunneigar tilhøyrande Gnr. 13 bnr. 120 i Volda kommune, overdreg til Volda kommune ca 135 m², slik det går fram av vedlagte kartutsnitt der arealet er merka med raud farge. Kommunen overdreg til gnr. 13 bnr. 120 omlag 5 m² merka med grøn farge. (vedlegg nr. 1)
2. Partane er samde om at oppgjer for arealet skal skje i samsvar med pkt. 2 vedlagde avtale av 10.06.2003 (vedlegg nr. 2). A-konto utbetaling kr. 10.000,- skjer når arealet er oppmålt.
3. Seljar pliktar å utferde heftefritt skøyte seinast 1 månad etter at dei har fått tilbod om a-konto oppgjer.
4. Grensene for parsellen kommunen skal overta skal nærare oppmålast. Kommunen syter for oppmåling av arealet og utferding av målebrev/matrikkelbrev utan kostnader for seljar.
5. Dersom oppmålingsmynde godkjenner det, kan areal som skal avståast overførast ved grensejustering.
6. Seljaren gjev kommunen fullmakt til å krevje kart- og delingsforretning og å sende ut nabovarsel i samband med oppmåling av arealet så snart avtalen er underteikna av partane og godkjend av rette politiske styreorgan.
7. Denne avtalen er bindande for seljarane ved underskrift og for kommunen ved ordføraren si underskrift etter nødvendig politisk godkjenning.
8. Tvist eller tvil om forståinga av denne avtalen vert avgjort ved ordinær rettgang ved Søre Sunnmøre Tingrett.

Volda, 15.11. 2016

Rodolf Egset

eigar av gnr. 13 bnr. 120

Volda kommune v/ordføraren



Vår referanse
02/03168-015

Arkivkode
143 &18

Avdeling
Volda kommune

Dato
10.06.2003

AVTALE/FRÅSEGN:

I HØVE SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN FOR FRÅDELING AV
BUSTADTOMT PÅ GNR 13, BNR 6 PÅ EGSET.

Med grunnlag i vedtak i Det faste planutvalet (DFP) i sak 0015/03, den 3.03.2003, der det vart gitt dispensasjon frå kommuneplanen for frådeling av bustadtomt frå gnr 13, bnr 6, eigar Bjarne J. Egset, til kjøpar Bodil Egset, vert det i samsvar med pkt 2 i vedtaket gitt følgjande fråsegn, som fylgjer av at tomte kan delast frå og byggast på før den inngår i godkjent reguleringsplan:

1. *Som tomtkjøpar pliktar eg/vi å oppgi turvande veggrunn til eventuell vidareføring av veg (Kvisla) over austre kant av tomte, og grunn til tekniske anlegg som vil berøre tomte, som følge av eventuell framtidig utviding av bustadfeltet i området i samsvar med godkjent reguleringsplan.*
2. *Pris for veggrunn skal vere som ved kjøp av øvrig grunn til eventuell utviding av bustadfeltet, slik den framkjem gjennom avtale med grunneigar eller gjennom rettsleg skjon ved oreigning.*
3. *Tomtekjøpar pliktar seg elles til ikkje å gjennomføre bygge- eller anleggstiltak på den del av tomte som er aktuelt til seinare framføring av veg, som kan vanskeleggjere eller fordyre gjennomføring av vegbygging etter plan.*
4. *Aktuelt areal framgår av situasjonskart datert 10.06.2003, som ligg ved denne fråsegna.*
5. *Fråsegna kan tinglysast som hefte på den frådelte parsellen.*

Volda den 10.06.2003


.....
Bodil J. Egset.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2013/1263

Arkivkode: 611, &50

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

5/17

Formannskapet

10.01.2017

SPØRSMÅL OM ANKE AV SKJØN - GBR 19/2 "LERKANE" OG GBR 19/264 "VASSVENTILTOMTA"

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune vil for sin del ikkje anke resultatet i skjønssak 16-061296 SKJ-SOSU og 16-113849 SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett. Skjønnsresultatet vert såleis teke til vitende.

Vedleggsliste:

1. Søre Sunnmøre Tingrett si rettsbok i sak 16-061296 SKJ-SOSU og 16-113849 SKJ-SOSU
2. Notat frå adv. R. Andresen d.s. 04.01.2017

Uprenta saksvedlegg:

Ingen

Samandrag av saka:

Volda kommune og grunneigarane av gnr. 19 bnr. 2 og gnr. 19 bnr. 264 gjekk våren 2016 inn avtale om overdraging av dei aktuelle areala på gbr 19/2 stort om lag 262 m2 og gbr. 19/264 stort 267,8 m2. I avtalen gjekk det fram at erstatninga skulle fastsetjast ved skjøn.

Skjønskrava vart sendt Tingretten og skjønnet på dei to parsellane vart halde 17. november 2016.

Det ligg no føre dom i saka og rettsboka følgjer denne saka som vedlegg 1.
Eg rår til at kommunen godtek skjønnsresultatet.

Saksopplysningar/fakta:

1. Gnr. 19 bnr. 2 Lerkane:

I 2013/14 starta tingingane med tilstøytande grunneigarar til rundkøyringa krysset Storgata/Lerkane/Engesetvegen. Etter kvart kom det til semje med dei som ligg nærast til rundkøyringa, medan det har stått att å ordne grunntilhøve med eigarane av gnr. 19 bnr. 2 langs Lerkane på austsida av Uppheim.

Langs parsellen Lerkane, frå kryss Stormyra/S.H. Halkjelsviks veg til kryss Porsemyrvegen viser det seg at kommunen har opparbeidd fortau utover eigen eigedom, altså inn på gnr. 19 bnr. 2 på austsida av Lerkane. Det dreier seg her om 263,8 m².

Formannskapet vedtok i sak PS 47/16, 15.mars 2016 å erverve arealet av Gnr. 19 bnr 2 i Volda kommune.

2. Gnr. 19 bnr. 264 Vassventiltomta:

Volda kommune har sidan 1969 festa den såkalla «Vassventiltomta», eit areal ved Porsemyrvegen. Arealet har vore og er nytta til reduksjonsventil for vassverket.

Formannskapet godkjende i sak PS 126/16 den 21. juni 2016 avtale om kjøp av eit areal på om lag 267,8 m² med eigarane av gnr. 19 bnr. 264 og kravde i same vedtak skjøn.

Skjøn er halde for begge dei to areala og domen ligg no føre. I domen er tomteverdien for arealet på Lerkane fastsett til kr. 1650,- m², medan Volda kommune skal betale ei erstatning for gnr. 19 bnr 264 på kr. 254.000,-.

Helse og miljøkonsekvensar:

Vart vurdert i saka om godkjenning av avtalen.

Økonomiske konsekvensar:

Grunnkjøpet vert å finansiere over sjølvkostområdet for vassverk og belastar ikkje den ordinære kommunale drifta. Den tekniske korrigeringa av budsjettet vert å følge opp i eiga sak.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vart vurdert i saka om godkjenning av avtalen.

Vurdering og konklusjon:

Det må no takast avgjerd om skjøna skal godtakast eller ankast til lagmannsretten.

Gnr. 19 bnr. 2 Lerkane:

Retten har m.a. vurdert arealutnytting, plassering av tomte, differanseprinsippet, byggegrunn og omsetningsverdi og sett dette opp mot andre attraktive tomter i kommunen og funne at tomteverdien vert å sette til kr. 1650 m². Eg viser elles til det som går fram av rettsboka og kommuneadvokaten si vurdering.

I notat d.s. 4. januar skriv adv. Reidar Andresen m.a. fylgjande;

«Min vurdering er at skjønnsretten har tatt utgangspunkt i riktig juss, vist til riktige og relevante rettsavgjørelser og kommet fram til et resultat som etter min vurdering er noe høyt, men ikke vesentlig for høyt. Det skal også nevnes at grunneierene denne gangen ikke har fått gjennomslag for sine prisforventninger, samt at prisnivået for stripe/ vegareal er satt noe lavere enn utgangspunktet ved fullt erverv av tomter. Gjennom dette skjønnet har kommunen for første gang på mange år fått gjennomslag for et slikt synspunkt.»

Gnr. 19 bnr. 264 Vassventiltomta:

Når det gjeld reduksjonsventil tomta har retten valt den enklaste løysinga - nemleg å ta utgangspunkt i noverande festeavgift og kapitalisere denne. Retten finn at verdifastsetting basert på salsverdi vil vere tilnærma null, medan verdifastsetting basert på bruksverdi vil gje ein høgre pris.

Eg viser elles til det som går fram av rettsboka og kommuneadvokaten si vurdering og konklusjon.

Kommunen sin advokat rår til at skjønnet ikkje vert anka.

Etter å ha lest og vurdert dommen og konferert med kommunen sin advokat har rådmannen konkludert med å ikkje ville tilrå at nokon av skjøna vert anka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Advokatfirmaet **JUDICIA DA** v/Reidar Andresen Grimmergata 5, NO-6002 Ålesund
Adv. Bjørn Kristian Hove, Postboks 815, 6001 Ålesund
Kommunalteknisk avdeling, her
Økonomiavdelinga for korrigering av budsjettet.



SØRE SUNNMØRE TINGRETT

Skjønn

Sagt:	14.12.2016 i Søre Sunnmøre tingrett,	
Saksnr.:	16-061296SKJ-SOSU 16-113849SKJ-SOSU	
Dommar:	Sorenskrivar	Elisabeth Wiik
Skjønnsmedlemmer:	bonde barnerettleiar gardbrukar pensjonist	Jørgen Holte Ottar Jan Løvoll Åshild Nes Myklebust Irene Leikny Lade
Saka gjeld:	Avtaleskjønn	

Volda kommune

mot

Jon Inge Halkjelsvik
Kolbein Halkjelsvik
Helge Rasmus Røys Halkjelsvik
Ragnar Halkjelsvik

Advokat Reidar Andresen

Advokat Bjørn Kristian Hove
Advokat Bjørn Kristian Hove
Advokat Bjørn Kristian Hove
Advokat Bjørn Kristian Hove

Ingen avgrensingar i retten til offentleg attgiving

SKJØNN

Kravsmåla om skjønn gjeld fastsetting av vederlag for grunnerverv av del av gnr 19 bnr 2 i Volda kommune og for grunnerverv av gnr 19 bnr 264 i Volda kommune.

Bakgrunnen for saka

Sak 16-061296SKJ-SOSU Takst nr 1 del av gnr 19, bnr 2:

Etter forhandlingar mellom dei saksøkte og saksøkjar, vedtok Volda formannskap i sak PS 47/16 den 15. mars 2016 å erverve om lag 261 m2 av gnr 19 bnr 2 i Volda kommune.

Vedtaket lyd:

"Formannskapet godkjenner avtale med eigarane av gnr 19 bnr 2 om areal til utviding av Lerkane, jf vedlegg 2 i denne saka".

Av avtalen går det mellom anna fram:

1. Grunneigarane tilhøyrande gnr 19, bnr 2 i Volda kommune, overdreg til Volda kommune ca 261 m2, slik det går fram av vedlagte kartutsnitt der arealet er merka med raud og grøn farge.

2. Partane er samde om at vederlaget for grunnavståinga skal fastsetjast ved rettsleg skjøn, jf skjønnsprosesslova § 4.

Partane er vidare samde om at erstatninga skal fastsetjast i samsvar med ekspropriasjonsrettslege reglar, og ekspropriasjonsrettslege reglar skal også gjelde spørsmålet om sakskostnader.

Volda kommune dekkjer grunneigarane sine kostnader til juridisk hjelp i høve avtalen og seinare skjøn.

3. Volda kommune overtek grunnen seinast 1. april 2016.

4. Volda kommune pliktar så snart som praktisk mogleg å krevje skjøn for Søre Sunnmøre tingrett. Volda kommune dekkjer kostnadane med skjønet.

5. Partane er vidare samde om at verdsetjingstidspunktet skal vere avheimlingstidspunktet.

6. Grunneigarane gjev Volda kommune rett og plikt til straks å rekvirere og gjennomføre frådeling av ervervsarealet. Kostnaden ved dette skal dekkjast av Volda kommune

7. Grunneigarane tilhøyrande gnr 19, bnr 2 plikter mot oppgjer eller rettskraftig skjøn å underteikne skøyte over ervervsarealet, klart for tinglysing og fritt for pengehefte og andre hefte som kan stå i vegen for kommunes bruk. Skøyte blir utarbeidd av Volda kommune.

Volda kommune har og samsvarande plikt til å tilby oppgjer slik fastsett ved skjønet, og seinast 1 månad etter at rettskraftig skjønn ligg føre.

8. Partane er samde om påteikning på festekontrakt på gnr 19 bnr 433 om at medgått vegareal ikkje skal kome til fråtrekk ved verdsetjing av tomte ved eventuell framtidig overdraging av denne."

Avtalen fastset såleis allmenne skjønnsføresetnader som retten legg til grunn.

Volda kommune kravde skjønn 11. april 2016. Dei saksøkte har ikkje innvendingar mot at skjønet fremjast.

Sak 16-113849SKJ-SOSU Takst nr 2: gnr 19 bnr 264 i Volda kommune

Etter forhandlingar mellom dei saksøkte og saksøkjar, vedtok Volda formannskap i sak PS 126/16 den 21. juni 2016 å erverve om lag 267,8 m2 av gnr 19 bnr 264 i Volda kommune.

"1. Formannskapet godkjenner avtale med eigarane av gnr 19 bnr 264 slik den går fram av vedlegg 1 til denne saka.

2. Volda kommune krev skjønn"

Avtalen er, med unnatak av identifisering av eigdommen og pkt 8 som ikkje er med i avtalen for takstnummer 2, identisk med den som er sitert ovanfor under takstnr 1.

Det er såleis dei same allmenne skjønnsføresetnadane partane har vorte samde om og retten legg desse til grunn.

Volda kommune kravde skjønn 7. juli 2016. Dei saksøkte har ikkje innvendingar mot at skjønet fremjast.

Dei to skjønssakene vart forent til felles behandling og det vart halde hovudforhandling 17. november og det vart gjennomført synfaring på begge eigedommane.

Vurderinga til retten

Retten vurderer dei to eigedommane kvar for seg.

Takstnummer 1 del av "Lerkane"- del av gnr 19 bnr 2

Det er semje mellom partane at ein skal bruke oreigningsrettslege prinsipp for fastsetting av erstatninga og at avheimlingstidspunktet skal vere verdsettingstidspunktet. Partane er vidare samde om at det er salsverdien som skal leggest til grunn, jfr ekspropriasjonserstatningslova § 5.

Ekspropriasjonserstatningslova § 5 set såleis dei rettslege rammene for skjønnet:

§ 5. Vederlag etter salsverdien.

Vederlag etter salsverdi skal fastsetjast på grunnlag av det som må reknast med at vanlege kjøparar ville gje for eigedomen ved friviljug sal.

Ved fastsetjinga skal det leggjast vekt på kva slag eigedom det gjeld, kvar eigedomen ligg og den påreknelege utnytting som det røynleg er grunnlag for etter tilhøva på staden. Det skal dessutan leggjast vekt på dei prisane som er oppnådd ved omsetnad av andre eigedomar som det er naturleg å samanlikna med, og likeins på andre tilhøve som er avgjerande for salsverdien av eigedomen.

Det skal ikkje takast omsyn til verdiendringar som kjem av oreigningstiltaket, eller av gjennomførde eller planlagde investeringar eller verksemd som har direkte samanheng med oreigningstiltaket.

Det skal ikkje takast omsyn til verdiendringar som kjem av andre investeringar som oreignaren har gjennomført i dei siste 10 åra før hovudføreavinga i underskjønnet tok til. Det skal heller ikkje takast omsyn til verdiendringar som kjem av planar som oreignaren har om framtidige investeringar. Når eit offentleg organ er oreignar, skal det sjåast bort frå verdiendringar som kjem av offentlege investeringar som nemnt, anten dei er statlege, fylkeskommunale eller kommunale.

Gnr 19 bnr 2 er regulert til bygningar med særskilt angitt allmenntilgjengelig føremål med byggehøgde på 3 etasjer. Reguleringsplanen er frå 1987. Det er forsøkt utbygd til slike føremål på tomta (som totalt er på ca 4210 m²), utan at dette har lykkast.

Grunneigarane stilte tomta til rådevelde for prosjektet "Innovata" som hadde som formål å få eit kulturhus til Volda kommune. I desse planane inngjekk også mellom anna at det skulle byggjast hotell på tomta. Dette prosjektet stranda i 2007 og grunneigarane har fått avslag på sine søknader om frådelling etter dette, med ulike grunngjevingar.

Spørsmålet er om det finns andre føremål enn det som ikkje vart noko av som kan vere pårekneleg bruk av tomta sidan tomta frå 1987 og fram til i dag hittil ikkje har blitt utnytta til slikt allmenntilgjengelig føremål.

Retten viser til at det her er snakk om ei tomt som ligg i sentrum av Volda, det er ei stor tomt i det som må reknast som eit pressområde med enkel tilgang til infrastruktur. Den er relativt flat og lett å bygge ut og det er stor etterspurnad etter tomter i Volda, både til bustadformål og til næringsformål. Det er også få tomter tilgjengeleg til desse føremåla

generelt og spesielt midt i Volda sentrum. Retten har derfor kome til at det er pårekneleg at tomta vil bli omregulert til andre føremål.

Volda kommune vurderer i desse dagar reguleringsplanen for området på nytt. Resultatet av dette er ikkje kjent på avheimlingstidspunktet. Retten meiner den påreknelege utnyttinga vil vere ein kombinasjon av næringsverksemd til allmennyttige føremål, eventuelt i kombinasjon med bustader og at det er pårekneleg at ein ville gje løyve til å oppføre bygg på inntil fire etasjer på arealet. Retten viser til at det er dispensasjonspraksis for å tillate 4 etasjer på fleire nærliggande areal, sjølv om dette ligg noko tilbake i tid. Retten viser til at det var dette som vart sett på som pårekneleg bruk i Uppheim skjønnet frå 19.11.2010 som gjeld ein eigedom på andre sida av Lerkanevegen. På det tidspunktet samtykka også Volda kommune til at det var slik bruk som var pårekneleg bruk.

Med dette som utgangspunkt skal retten skjønne over kva som vil vere rett pris for den delen av gnr 19 bnr 2 som Volda kommune har tatt i bruk og som det skal betalast erstatning for.

Retten vil først sjå på kva som ville ha vore rett pris for heile gnr 19 bnr 2/rett strøkspris i dette området.

Både saksøkar og dei saksøkte har lagt fram ei rekkje priseksempel for tingretten. Dei fleste av desse vurderer tingretten har lite relevans for vår sak. Fleire av dei gjeld innløyning av festegrund eller grunn som skal utnyttast til bygging av fleirbruksbustader og liknande. Dei fleste døma gjeld også eigedommar som ligg lenger unna sentrum og som har andre og dårlegare eigenskaper enn tomte retten skal skjønne over.

Grunneigarane har per i dag inngått ein opsjonsavtale med Mesterhus Sunnmøre/Tømrerservice AS, der Tømrerservice AS får ein rett til å kjøpe heile gnr 19 bnr 2 til ein pris på kr 2811 per m². Det går fram av opsjonsavtalen at Tømrerservice AS ynskjer *"å utvikle området til konsentrerte allmennyttige og lett tilgjengelege bustader over fleire etasjar. Sentralt mellom bustadane, vil utbyggjar lokalisere relevante fellesfunksjonar og tenestefunksjonar, også desse lett tilgjengelege for bebuarane."*

Når det gjeld denne opsjonsavtalen med Tømrerservice AS, finn retten at denne ikkje gir uttrykk for det som vil vere gjengs pris som ein vanleg kjøpar i markedet ville vere villeg til å betale ved frivillig sal. Opsjonsavtalen illustrerer likevel at gnr 19 bnr 2 er ei attraktiv tomt.

Etter ei vurdering av dei prisdøma som er lagt fram finn retten at det er rettast å ta utgangspunkt i Uppheimskjønnet sagt av Søre Sunnmøre tingrett 19.november i 2010 (sak 09-118057SKJ-SOSU). Dette ligg på andre sida av vegen for det arealet retten skal skjønne over i denne saka og pårekneleg bruk er identisk. Verdsettelsestidspunktet var der 1.

desember 2008 og prisen vart sett til kr 1350 per m2. I dagens kronerverdi vil dette per oktober 2016 vere kr 1605.- per m2.

Retten meiner prisstiginga på fast eigedom i Volda kommune har vore til dels vesentleg høgare enn ei indeksregulering av prisen frå 2008 vil føre til. Retten har kome til at rett pris per m2 dersom heile gnr 19 bnr 2 skulle løysast inn ville vere kr 2050,-.

Det er likevel slik at det berre er ein liten del av gnr 19, bnr 2 som Volda kommune skal ta over. Den delen av eigedommen skjønnet gjeld er ein lang smal tarm heilt i utkanten av tomta. Retten finn at avståinga av denne delen av eigedommen, ikkje vil vere til vesentleg hinder for utnyttinga av resten av eigedommen. Totalt utgjer avståinga ca 6 % av det totale arealet av gnr 19 bnr 2 (261 kvm av 4210 kvm). Det følgjer av Eidsivating lagmannsrett sitt overskjønn inntatt i RG 2011.259 at når det vert avstått areal som ikkje påverkar moglegheitene for utbygging, må det opererast med ein redusert strøkspris.

Det følgjer vidare av Eidsivating lagmannsrett sitt overskjønn inntatt i RG 1990.667 som viser til Høgsterett sin dom inntatt i 1989.1014 at

"Jo større tomten er, jo mindre vil denne "grenseverdi" være. Dersom det areal grunneieren har tilbake etter ekspropriasjonen gir grunnlag for fortsatt utparsellering, vil det måtte kreves at grunneieren tilpasser utparselleringen slik at tapet blir minst mulig. Ved erstatningsutmålingen vil det generelle prisnivået på tomter dermed bare bli av veiledende art, for så vidt som det gir et utgangspunkt for hva en hyggetomt av vanlig størrelse vil kunne antas omsatt for. Den endelige erstatningsfastsettelse vil knytte seg til den konkrete prisreduksjon arealavståelsen antas å medføre i tomteprisen, og den tilpasningsmulighet grunneieren har ved tomtesalg fra den resterende eiendom."

Retten skal etter dette gjere ei konkret heilskapleg vurdering, jfr overskjønn frå Eidsivating lagmannsrett LE 2015-3200629. I dette skjønnet frå Eidsivating lagmannsrett vart erstatninga redusert frå strøksprisen som utgjorde kr 360 kr per kvm til 40 kr per kvm for dei fleste eigedommane og kr 20 kr per kvm for ein eigedom. Areala det vart skjønna over i Eidsivating lagmannsrett gjaldt skråningar som ligg ned mot ein fylkesveg der retten fant at avståinga ikkje hadde noka praktisk betydning for utnyttinga. I vår sak er det derimot snakk om flate tomter, midt i Volda sentrum i eit pressområde nær infrastruktur. Det er derfor slik retten ser det sannsynleg at sett bort frå avståinga av dei delene av tomta vi har i vår sak, så ville ein søkt å utnytte heile tomta, til dømes til parkeringsplassar el.l. og det vil ikkje vere mogleg for grunneigarane å gjere tilpasningar som fullt ut vil avhjelpe den prisreduksjon arealavståelsen vil medføre i tomteprisen. Sjølv om retten finn at det skal gjerast ein reduksjon basert på differanseprinsippet, kan denne reduksjonen ikkje vere vesentleg.

På bakgrunn av dei moment som er referert ovanfor, har retten kome til at rett pris for den delen av gnr 19 bnr 2 som skal avståast, vil vere kr 1650 per kvm.

Takstnummer 2: gnr 19 bnr 264 i Volda kommune - Vassventiltomta

Partane er samde om at verdsettinga skal skje etter oreigningsrettslege reglar. Vidare er partane samde om at verdsettingstidspunktet er avheimlingstidspunktet og at det ved verdsettinga av det aktuelle arealet er den påreknelege bruk som skal leggst til grunn. Partane er usamde om kva som er pårekneleg bruk.

Dei saksøkte gjer gjeldande at pårekneleg bruk er bustadtomteføremål og at dette skal leggst til grunn som alternativ pårekneleg bruk.

Saksøklar på si side meiner at alternativ pårekneleg bruk vil vere landbruk, natur og fritid og at det er bruksverdien som må leggst til grunn for erstatningsfastsettinga.

Retten tek først stilling til kva utgangspunktet for verdsettinga skal vere.

Vassventiltomta er regulert til offentlege anlegg. Området rundt er regulert til bustadføremål. Det følgjer av vederlagslova § 5 at dersom retten skal vurdere verdien utifrå salsverdien så skal denne

fastsetjast på grunnlag av det som må reknast med at vanlege kjøparar ville gje for eigedomen ved friviljug sal.

Historisk sett var denne tomta ein del av ei bustadtomt, gnr 19, bnr 2 fnr 88. Ved ei oppgradering av det offentlege vassverket tidleg på 60-talet vart arealet avstått for bruk av eit bygg til ein trykkreduksjonsventil for vassverket i Volda. Parsellen vart frådelt bustadtomta og matrikulert til gnr 19/bnr 264. Som kompensasjon til dåverande festar fikk festaren løyve til gratis å plassere ein garasje nede ved Anders Vassbotnvegen. Denne garasjen er også i bruk i dag av dei som eig tomta gnr 19 bnr 264 i si tid vart utparsellert frå.

Kommunen har gjort gjeldande at det må gjerast omfattande tiltak på tomta for at den skal kunne nyttiggjerast til t.d. bustadføremål. Elva må leggst i røyr og der elva ikkje vert lagt i røyr må det gjennomførast flaumsikring som vil vere kostbart. Retten deler kommunen sitt syn på dette. Etter synfaringa og basert på tomta sine eigenskapar finn retten det usannsynleg at ein vanleg kjøpar ville vere villeg til å kjøpe tomta for å nyttiggjere seg den til bustadføremål. Tomta kan best skildrast som eit elvegjøl på 267,8 kvm. Det er ei til dels bratt skråning ned mot elva og arealet er smalt og langt. Tomta ligg klemmt mellom to bustadtomter.

Retten finn det lite truleg at det er ein marknad i det heile blant vanlege kjøparar for kjøp av tomta, uavhengig av kva bruk ein måtte legge til grunn. Retten finn det heller ikkje

sannsynleg at nokon av eigarane av nabotomtene vil kjøpe tomta som tilleggsareal. Retten finn derfor at verdsetting basert på salsverdi vil vere tilnærma null og at verdsetting basert på bruksverdi vil gje ein høgare pris. I tråd med vederlagslova § 4 er det såleis verdien på grunnlag av bruksverdien retten skal finne.

Det følgjer av vederlagslova § 6 at

"Vederlag etter bruksverdi skal fastsetjast på grunnlag av avkastninga av eigedommen ved slik pårekneleg utnytting som det røyntleg er grunnlag for etter tilhøva på staden."

Retten viser til partsforklaring frå Volda kommune ved Asbjørn Moltudal som forklarte at vassventilen som er på tomta i dag vil verte stadig viktigare for Volda kommunale vassverk og er meint å jamne ut trykkforskjellar for heile Volda sentrum, inkludert det planlagde nye bustadfeltet i Håmyra. Retten finn det såleis pårekneleg at dagens bruk vil bestå i all overskueleg framtid. At festekontrakten per i dag er utgått, endrar ikkje på dette. Retten viser igjen til kor sentral Volda kommune meiner denne vassventilen og plasseringa av denne vil vere for vassverket i framtida. Avkastninga av eigedommen vil såleis tilsvare festeavgifta ved vidare feste i uendeleg tid.

Festeavgifta for gnr 19 bnr 264 vart sist justert 1. april 2006 til kr 8 034,- per år basert på ein tomtepris på kr 750 per kvm. Retten skal fastsette vederlaget med avheimlingstidspunktet som verdsettingstidspunkt og finn det derfor rettast å indeksjustere festeavgifta før vi reknar ut vederlaget. Oppjustert til dagens kroneverdi vert festeavgifta på kr 9996,5. Dette tilsvarar den årlege avkastninga grunneigarane har på tomta. Retten kan ikkje sjå at det er utgifter som skal trekkast ifrå slik at festeavgifta vil vere lik netto avkastning. Det følgjer av Høgsterett sin dom gjengitt i Rt.2014 s 1203 at kapitaliseringsrenta som hovedregel må ligge på 4%. Retten finn ikkje grunnlag for å fråvike hovedregelen. Dette gir ein noverdi på $\approx$ kr 254 000,- som dei saksøkte skal ha utbetalt.

Sakskostnader

Det følgjer av avtalen mellom partane at Volda kommune skal dekke dei saksøkte sine kostnader til juridisk hjelp, inkludert skjønnskostnadane. Advokat Hove la fram ei sakskostnadsoppgåve pålydande kr 95 180 inkludert meirverdiavgift og reiseutgifter, som saksøkjær ikkje hadde kommentarar til. I tillegg skal saksøkjær dekke dei lovpålagte kostnadane ved skjønnet, inkludert vederlag og reiseutgifter for skjønnsmedlemmane.

SLUTNING


1. Volda kommune betaler erstatning som fastsatt med kr 1650 – kroneretttusensekshundreogfemti- per kvadratmeter for den delen av gnr 19 bnr 2 som vert erverva.
2. Volda kommune betaler erstatning på totalt kr 254 000 – kronertohundreogfemtifiretusen – for gnr 19 bnr 264.
3. Saksøkjaren betaler dei lovbestemte utgiftene ved skjønnet.
4. Saksøkjaren betaler sakskostnader til dei saksøkte med kr 95 180 – kronernittifemtusenetthundreogåttikroner.


Retten heva


Elisabeth Wiik




Jørgen Holte


Ottar Jan Løvoll


Åshild Nes Myklebust


Irene Leikny Lade

RETTLEDNING FOR RETTSMIDDELBRUK I SKJØNN

Begjæring om overskjønn til lagmannsretten

Det kan krevjast overskjønn for lagmannsretten. Detaljerte føresegner om overskjønn går fram av skjønnsprosesslova av 1. juni 1917. Dei viktigaste vilkåra er:

Fristen for å krevje overskjønn er éin månad frå underskjønnet vart forkynt.

Kravsmål om overskjønn frå ein advokat skal setjast fram skriftleg for den retten som har sagt underskjønnet. Sjølvprosederande partar kan setje fram munnleg kravsmål om overskjønn ved personleg oppmøte i den retten som har sagt underskjønnet. Retten kan tillate at også prosessfullmektigar som ikkje er advokatar set fram munnleg kravsmål om overskjønn.

Kravsmålet om overskjønn må nemne:

- den retten overskjønnet høyrer under, partane i overskjønssaka og i tilfelle deira lovlege fullmaktshavarar
- det underskjønnet som blir kravd overprøvd
- om kravet om overskjønn gjeld heile underskjønnet eller berre delar av det
- dei feila ved underskjønnet som kravsmålet om overskjønn blir grunngjeve med
- dei tilhøva som er avgjerande for retten til å krevje overskjønn
-

Lova inneheld visse avgrensingar i retten til å krevje overskjønn. Kravsmål om overskjønn i sak om formuesverde blir ikkje teke under behandling utan samtykke frå lagmannsretten viss verdien er under 125 000 kroner. Ved vurderinga av om samtykke skal gjevast skal det mellom anna takast omsyn til kva sak det gjeld, kva trong partane har for overprøving, og om det synest å vere svakheiter ved underskjønnet eller ved handlinga av saka.

I tillegg kan du bli nekta å fremje kravsmål om overskjønn – uavhengig av verdien på ankegjensstanden – når lagmannsretten finn det klart at kravsmålet ikkje vil føre fram.

Den som krev overskjønn må betale behandlingsgebyr. Opplysning om størrelsen på gebyret og korleis det skal betalast, kan den retten som har avsagt underskjønnet gi.

Tingretten kan gi nærare opplysingar om vilkåra for å krevje overskjønn.

Anke til Høgsterett

Eit overskjønn kan berre ankast til Høgsterett på grunn av feil i rettsbruken eller den saksbehandlinga som ligg til grunn for avgjerda. Anken skal behandlast etter reglane om anke over dommar i tvistelova kapittel 29 eller 30.

Ankefristen er éin månad frå overskjønnet vart forkynt.

Den som ankar må betale behandlingsgebyr. Den domstolen som har avheimla overskjønnet kan gi opplysning om storleiken på gebyret og korleis det skal betalast.

Behandling av anke over overskjønn krev alltid samtykke frå Høgsteretts ankeutval. Slikt samtykke skal berre gjevast når anken har noko å seie utanfor den saka som ligg føre, eller at det av andre grunnar er særleg viktig å få behandla saka av Høgsterett. Anke over overskjønn skal til vanleg avgjerast etter munnleg forhandling.

Den domstolen som har avheimla overskjønnet kan gi nærmare opplysning om vilkåra for anke over overskjønn.



NOTAT

Til: Volda kommune

Fra: Advokat Reidar Andresen

**VURDERING AV SØRE SUNNMØRE TINGRETTS SKJØNN AV 14. DESEMBER 2016
VEDRØRENDE STRIPE/VEGAREAL »LERKANE» OG AREAL TIL VASSVENTIL PÅ GNR 19 BNR
64**

Det vises til Søre Sunnmøre tingretts skjønn av 14. desember 2016 vedrørende «Lerkane» og «Vassventil». Skjønnene ble behandlet i samme sak, men er formelt to saker som må vurderes separat.

Spørsmålet for kommunen nå vil være om skjønnene skal aksepteres, eller om det skal begjæres overskjønn for Frostating lagmannsrett.

1. Ad «Lerkane»-skjønn

Saken gjelder som fremgår av skjønnet, ca. 261 m² som er et stripeareal knyttet til vegutbygging.

Skjønnsretten har kommet til at m²-prisen ble kr 1.650.

Grunneierne anførte og fremholdt at prisen skulle være kr 2.800 pr. m², med utgangspunkt i en tidligere inngått opsjon/kjøpsavtale med en privat utbygger.

Retten har tatt i utgangspunkt i det såkalte «Uppheimskjønn» avsagt av Søre Sunnmøre tingrett den 19. november 2010 (skjønn side 5 siste avsnitt flg.).

Med utgangspunkt i Uppheimskjønn har retten kommet til at riktig pris, ved innløsning av hele gnr. 19 bnr. 2, ville ha blitt kr 2.050 pr. m² (skjønn side 6 andre avsnitt).

Min vurdering er at skjønnsretten har tatt utgangspunkt i riktig juss, vist til riktige og relevante rettsavgjørelser og kommet til et resultat som etter min vurdering er noe for høyt, men ikke vesentlig for høyt.

Ut fra en nytte-/kostnadsvurdering er jeg, med bakgrunn i det ovennevnte, usikker på om gevinsten ved å anke vil være høyere enn at skjønnet aksepteres. Etter en totalvurdering vil jeg derfor tilrå at kommunen ikke begjærer overskjønn for dette skjønnet.

Det skal også nevnes at grunneierne denne gangen ikke har fått gjennomslag for sine prisforventninger, samt at prisnivået for stripe/vegareal er satt noe lavere enn utgangspunktet ved fullt erverv av tomter. Gjennom dette skjønnet har kommunen for første gang på mange år fått gjennomslag for et slikt synspunkt.



2. Ad «Reduksjonsventiltomta» («Vassventiltomta»)

Som det fremgår av skjønnet, gjelder dette grunnverv av ca. 267,8 m² som i dag brukes til en reduksjonsventil («Vassventil») knyttet til vannforsyningen til Volda kommune.

Utgangspunktet til kommunen har vært at tomta, slik den ligger i dag, har tilnærmet en null salgsverdi.

Anførselen til grunneierne har vært – og var – at tomta måtte vurderes som boligareal.

Retten har i sin vurdering kommet til følgende (skjønnet side 7 flg.):

«Retten finner det lite truleg at det er ein marknad i det heile blant vanlege kjøparar for kjøp av tomta, uavhengig av kva bruk ein måtte legge til grunn. Retten finn det heller ikkje sannsynleg at nokon av eigarane av nabotomtene vil kjøpe tomta som tilleggsareal. Retten finn derfor at verdsetting basert på salsverdi vil vere tilnærma null og at verdsetting basert på bruksverdi vil gjel ein høgare pris. I tråd med vederlagslova § 4 er det såleis verdien på grunnlag av bruksverdien retten skal finne.»

Retten har deretter tatt utgangspunkt i det faktum at kommunen har betalt festeavgift pr. år stor kr 8.034 siden 1. april 2006. Indeksert vil dette i dag gi en festeavgift tilsvarende kr 9.996,50.

Det fremstår for undertegnede – som også fremholdt på skjønnet – at denne festeavgiften har vært altfor høy sett i forhold til arealets verdi. På den annen side har kommunen av en eller annen årsak inngått avtale om å betale dette beløpet. Betalt beløp må således, utvilsomt, vurderes som årlig avkastning.

Skjønnsretten har derfor, med utgangspunkt i vederlagsloven § 6, kommet til at årlig avkastning – indeksert med 4 %, jf. Høyesteretts praksis – gir et resultat for tomtens verdi på kr 254.000. Det er åpenbart at dette tallet er svært høyt, sett i forhold til det tidligere fremholdt resonnementet om at tomten i utgangspunkt har tilnærmet null salgsverdi.

Spørsmålet blir da om kommunen skal begjære overskjønn.

Etter min vurdering er det en betydelig utfordring for kommunen at en har valgt å gå inn på en festeavtale som åpenbart har vært for gunstig/ høy sett i forhold til arealets verdi. Med et slikt utgangspunkt er det dessverre slik, både faktisk og rettslig, at kommunen her «møter seg sjøl i døra». Det vil derfor være noe problematisk å bestrebe at retten tar feil, når en tar utgangspunkt i den verdien som kommunen har valgt å utbetale som årlig festeavgift/ avkastning.

Oppsummert er det derfor min vurdering, også for dette skjønnet, at det ut fra en nytte-/kostvurdering, vil være lite å hente på å begjære overskjønn – i alle fall økonomisk. Jeg har da også hensyntatt at kostnader ved et overskjønn fort kan havne i området pluss/minus kr 150.000, medtatt omkostninger til begge parter advokat og omkostninger til skjønnsretten.

Oppsummering – konklusjon:

Basert på det som ovenfor er referert og gjengitt, er det min oppfatning at både skjønnet «Lerkane» og skjønnet «Vassventil»-tomta, ikke bør ankes.

* * * * *



JUDICIA

Ålesund, 4. januar 2017

Reidar Andresen
advokat/partner



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2016/1675

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

6/17

Formannskapet

10.01.2017

OPSJON PÅ KJØP AV DELER AV GBR 30/196

Administrasjonen si tilråding:

- 1. AS Brændes Rørleggerforretning får tilbød om å kjøpe deler av gnr. 30 bnr. 196 på øvre Rotset i samsvar med kart vedlegg 3.*
- 2. Tomteprisen vert å fastsetje til den pris kommunestyret på oppgjerstidspunktet har vedteke for tomter i området.*
- 3. Vilkår for kjøpet er vidare ein byggefrist på 2 år etter at oppmåling og tilbød om oppgjer er sendt. Er det ikkje bygt på tomta innan 2 år pliktar eigaren å skøyte tomta attende til kommunen til same pris og utan kostnad for kommunen.*

Vedleggsliste:

1. Melding om Politisk vedtak – Opsjon på kjøp av deler av 30/196
2. Skriv d.s. 18.10.2016 vedkomande søknad om utviding av opsjon på kjøp av deler av 30/196 m/vedlegg.
3. Kart som syner det aktuelle arealet, om lag 1100m²
4. Reguleringskart, vedteke 13.11.14 PS/sak 142/14

Uprenta saksvedlegg:

Ingen

Samandrag av saka:

AS Brændes Rørleggerforretning fekk i 2011 opsjon på kjøp av det aktuelle arealet av gbr 30/196 på næringsarealet på Rotset. Opsjonen har no gått ut utan at arealet er overteke og bygt på. Rådmannen vil tilrå at arealet vert solgt til AS Brændes Rørleggerforretning på dei vilkåra som gjekk fram av saka i 2011.

Saksopplysningar/fakta:

Etter søknad frå AS Brændes Rørleggerforretning gjorde formannskapet i møte PS-sak 143/11 den 28.11.2011 slikt vedtak:

- 4. AS Brændes Rørleggerforretning får opsjon på kjøp av deler av gnr. 30 bnr. 196 på øvre Rotset i samsvar med kart vedlegg 2. Opsjonen skal gjelde i 5 år frå vedtaksdato og vert gjeve på vilkår av at noverande husvære på eigedomen får stå så lenge det er trong om det.**
- 5. Tomteprisen vert å fastsetje til den pris kommunestyret på oppgjerstidspunktet har vedteke for tomter i området.**

Når opsjonstida no er gått ut har AS Brændes Rørleggerforretning kome med ein søknad om å få utvide opsjonen. Søknaden fylgjer vedlagt til vitande.

Då det i matrikkelen gjekk fram at kommunen også eigde 30/390 ynskte AS Brændes Rørleggerforretning også å kjøpe den tomta, men den tomta vart på eit tidlegare tidspunkt 2007 solgt utan at det er blitt retta i matrikkelen. Det aktuelle arealet handlar difor om det same arealet som AS Brændes Rørleggerforretning i 2011 fekk opsjon på.

I brevet går det vidare fram at dei har planar om å oppgradere eksisterande lager på gbr 30/240 og 347 som firmaet eig frå før. Dei tenkjer seg m.a. ei bygningsmasse i 2 etasjer med hovedfasade vendt mot E39 og ei sokkeletasje med tilkomst frå nedre nivå

I gjeldande reguleringsplan er området lagt ut til forretning-, kontor- og industribygg, jfr. vedlegg 4.

Det omsøkte arealet er på omlag 1100 m² (målt i kartet).

Helse og miljøkonsekvensar:

Er avklara sist i samband med reguleringsplanen.

Økonomiske konsekvensar:

Salsinntekter til kommunen. Alle utgifter på overdragingstidspunktet må betalast av kjøpar. Tomteprisen vert å fastsetje til den pris kommunestyret på oppgjerstidspunktet har vedteke for tomter i området.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Det aktuelle arealet ligg rett ved utgangen av Rotsethorntunellen og vil vere det første blikkfanget besøkande ser av Volda. Det er difor viktig at dei bygga og areala som vender mot E39 gjev eit godt inntrykk.

Det er ikkje ynskjeleg at kommunen sel areal som i lang tid vert liggande ubebyggt i eit næringsområde og slett ikkje i dette området. Ein ser det difor ikkje som ynskjeleg å utvide opsjonen med t.d. 5 nye år. I andre næringsområde t.d. Furene ligg det i salsvilkåra når tid ein er pliktig til å løyse inn tomta og kva byggjefristen på tomta er (2 år). Er det ikkje bygt på tomta innan 2 år pliktar eigaren å skøyte tomta attende til kommunen til same pris og utan kostnad for kommunen. På den andre sida er dette eit areal som ligg mellom andre areal industri/service og forretningsareal som ikkje har slike vilkår av di dei tidlegare er kjøpt opp.

Slik arealet ligg ser rådmannen det som naturleg at det vert tillagt AS Brændes Rørleggerforretning slik at dei får utvikle sin eigedom.

I ei sak om areal til Gjelsvik Invest AS, som er det firmaet som har tomt i same kvartalt, har rådmannen tidlegare skrive m.a. følgjande:

"Eg vil rå til at Gjelsvik Invest.....samordnar si utbygging med eigar av tomt mot aust, Brændes Rørleggerforr. AS, slik at dette kvartalet kan framstå som eit heile."

Eg vil rå til at Brænde no vert gitt tilsvarande oppmoding; at dei samordnar si (trinnvise)utbygging med nabo mot vest slik at kvartalet på sikt kan framstå som eit heile.

Når det gjeld prisen for arealet syner rådmannen til det som var sagt sist saka var oppe i 2011;

Tomteprisen vert å fastsetje til den pris kommunestyret på oppgjerstidspunktet har vedteke for tomter i området.

Skjønet for næringsområdet er no fastsett til april 2017. Når det er klart vil kommunen saman med tekniske anlegg ha nærare haldepunkt for å fastsette tomteprisen/m2-prisen i området

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



Brændes Rørleggerforretning

Hamnegata 5
6100 VOLDA

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2011/2085	10560/2011	611	SVK/ SOH	01.12.2011

MELDING OM POLITISK VEDTAK - OPSJON PÅ KJØP AV DELER AV 30/196

Vi melder med dette frå at formannskapet den 28.11.11, hadde føre ovannemnde som sak PS 143/11 der det vart gjort slikt vedtak:

- 1 AS Brændes Rørleggerforretning får opsjon på kjøp av deler av gnr. 30 bnr. 196 på øvre Rotset i samsvar med kart vedlegg 2. Opsjonen skal gjelde i 5 år frå vedtaksdato og vert gjeve på vilkår av at noverande husvære på eigedomen får stå så lenge det er trong om det.*
- 1. Tomteprisen vert å fastsetje til den pris kommunestyret på oppgjerstidspunktet har vedteke for tomter i området.*

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Leiar samordning- og utviklingsstaben Arne Eliassen
Leiar kommunalteknisk avd. Asbjørn J. Aasebø

Til

Volda kommune

Formannskapet/rådmann

Rådhuset

6100 Volda

Arkivsaksnummer: 2011/2085

18.10.2016

Dykkar kontaktperson: Asbjørn Moltudal

VEDR. OPSJON PÅ KJØP AV DELAR AV 30/196 PÅ ROTSET.

SØKNAD OM UTVIDING AV OPSJON FOR KJØP AV 30/390 PÅ ROTSET.

Ein viser til vedtak i formannskapet den 28.11.2011, sak PS 143/11.

Volda kommune gav Brændes Rørleggerforretning AS opsjon på kjøp av delar av gnr. 30, bnr. 196 (Rotset). Opsjonen er gyldig i 5 år frå vedtaksdato, og er gjeve på vilkår av at eit kommunalt husvære på eigedomen får stå så lenge det er trong om det.

Det aktuelle husværet brann ned for ei tid tilbake, og nytt hus rom for den aktuelle brukar av bygningen er ordna på annan måte.

Ein ser at tidsramma på 5 år går mot slutten, utan at ein kjøpsavtale er på plass.

Det faktum at den kommunale bustaden brann ned, gjer at det kan opne seg nye muligheiter for utnytting av tidlegare omsøkt areal. I tillegg ser ein også eit interessant potensiale i den kommunale nabotomta gnr.30, bnr.390. Dette arealet ligg «inneklemt» mellom E39 og tidlegare omsøkte tomt (delar av 30/196). Vedlagte situasjonsplan (ide-skisse), syner ei ny bygningsmasse i 2 etasjar . Ein tenkjer seg ei hovedfasade vendt mot E39 (publikum), og ei sokkeletasje med tilkomst frå nedre nivå. Eit evt. nytt forretningslokale på øvre plan med inngangsparti vendt mot E39 ,vil ha behov for parkering og adkomstsone for kundar på tomta 30/390.


Eksisterande butikklokaler i Hamnegata i Volda sentrum er trange, og det er også smått med lagerplass og biloppstilling for både egne varebilar og kundebilar.

Ei framtidig løysing som skissert på vedlagte ideskisse, vil gjere at ein får samla aktiviteten med forretning- og lagerfunksjonar innanfor eit samla areal. Det vil i tillegg vere muligheiter for å etablere td. Rubbhall og eit utelager tomta 30/347.

Vonar vedlagte situasjonsplan kan gi tilstrekkeleg opplysning om våre planar for utvikling av eigedomen, og vi ser fram til å kunne ta eit møte med kommunen for å utdjupe våre tankar om utviklinga på den omsøkte tomte og i området for øvrig.

Mvh

For Brændes Rørleggarforretning AS




Jan Olav Brænde

Vedlegg: Situasjonsplan/ideskisse dat. 17.10.2016



1:500

17.10.2016



© Norkart AS

Kartopplysninger som vert kravd ved omsetjing av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nytast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

Volda kommune


Vedlegg nr. 3





1:1000

20.10.2016




© Norkart AS

Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonsskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.



1:1000

20.10.2016



Kartopplysninger som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonsskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2016/1958

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

7/17

Formannskapet

10.01.2017

TILDELING AV NÆRINGSTOMT

Administrasjonen si tilråding:

1. Husbygg AS vert tildelt tomt på om lag 1800 m² av industriarealet på gbr. 11/69 i Furene, jfr. kart vedlegg 3. Tomteprisen vert sett til kr. 190,- pr. kvm. Prisen vert justert i samsvar med SSB konsumprisindeks med utgangspunkt i indeks pr. 15. 7.07. I tillegg kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing og byggesaksgebyr.
2. Tildelinga vert elles gjort på dei vilkår som går fram av gjeldande salsvilkår og reguleringsvedtekter, som skal tinglysast som hefte på eigedomen saman med skøyte.

Vedleggsliste:

1. Søknad d.s. 14.11.2016 frå Maxlagring v/Hogne Grebstad
2. Søknad d.s. 22.11.2016 frå Husbygg AS
3. Kart over det omsøkte arealet.

Uprenta saksvedlegg:

Ingen

Samandrag av saka:

Kommunen har motteke 2 søknader om å få tildelt tomt i næringsområdet i Furene. Søknadene gjeld same arealet. Arealet er synt på vedlagde kart (jfr. Vedlegg 3). Eg rår til at firmaet Husbygg AS vert tildelt omsøkte tomt.

Saksopplysningar:

Kommunen har motteke 2 søknader om å få tildelt tomt i næringsområdet i Furene. Arealet ligg bak gbr. 11/91 og er del av kommunen sin eigedom 11/69. Arealet er på om lag 1800m² målt på kartet.

Maxlagring v/Hogne Grebstad har i skriv motteken i kommunen 14.11.2016 søktom å få kjøpe det ledige arealet Maxlagring leiger i dag lokal med Dekkservice Volda AS. I søknaden som fylgjer vedlagt til vitande går det fram at firmaet på sikt ikkje vil ha nok areal til å utvikle bedrifta på ein god måte Han syner også det er ein ein fordel at tomta ligg nær Dekkservice Volda AS

Den andre søkjaren Husbygg AS har i skriv motteke her 22.11.2016 søkt om å kjøpe det same arealet. Arealet ligg inn til og bak den tomta Husbygg AS (11/91) tidlegare har kjøpt i Furene. Dei hadde også tidlegare i haust vore i kontakt med underteikna med tanke på å få kjøpt tomta.

Det er ikkje teikna inn tilkomst til det aktuelle arealet, noko som gjer at kjøpar er avhengig å få tilkomst til arealet frå annan manns grunn.

Vurdering og konklusjon:

Husbygg AS fekk i 2012 tildelt tomta 11/91. Firmaet har ennå ikkje bygt på den og har såleis overskride byggefristen. Dei har sidan 2014 vore i dialog med kommunen med tanke på klargjering av tomta for bygging.

Det er ikkje ynskjeleg at tildelte næringstomter vert ståande ubebygde og det vil difor vere ynskjeleg at bygging på gbr. 11/91 vert oppstarta snarast.

Då det ikkje er teikna inn tilkomst til det aktuelle arealet er kjøpar avhengig av å få tilkomst til arealet over Gbr 11/92 eller Gbr. 11/91. Det medfører at det vil vere ein fordel å selje arealet til Husbygg AS, noko som rådmannen difor vil tilrå at det vert gjort,.

Helse og miljøkonsekvensar:

Helse- og miljøkonsekvensar er tidlegare vurdert i prosessen fram til vedtak av gjeldande reguleringsplan, og i samband med revisjon av kommunedelplanen.

Økonomiske konsekvensar:

Salssummen vil bli ført til inntekt på prosjekt industriareal Furene.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Husbygg AS, Vikebygdvegen. 4, 6103 Volda.
Maxlagring v/Hogne Grebstad, morkavegen 70, 6105 Volda
Kommunalteknisk avdeling
Samordnings- og utviklingsstaben v/AE

Klageinstans:

Ikkje klagerett på vedtak om sal av eigedom

Vedlegg nr 1.

Hei!

Maxlagring v/ Hogne Grebstad ønsker å kjøpe ledig areal som ligg bak 11/91 og til venstre fra 11/92. Maxlagring leiger i dag lokaler med Dekkservice Volda AS og vil på sikt ikkje ha nok arial til å utvikle minilager på ein god måte.

Fordelen med denne tomte er den ligg nær Dekkservice med deling av truck og div.

Ser på Volda kommune sitt plankart veg er ikkje inntegna på denne næringstomta.

Mvh

Hogne Grebstad
Morkavegen 70
6105 Volda
Mob 99042085

Volda kommune



Viser til telefonsamtale med Magne Aksnes og bekreftar at Husbygg AS ynskjer å kjøpe trekantarelet på ca 1700 kvm nord for tomta som vi har på gnr 11 bnr 91 med adresse Morkamyra 24.

Arealet har ikkje vegtilkomst og vi ynskjer dette som tilleggareal.

På vår tomt har vi hatt mellomagra steinmasse frå eit byggjeprojekt og vi er no iferd med å fjerne store delar av steinmassene til eit nytt bustadområde.

Planen er å starte bygging av vårt byggemeldte bygg til våren.

Vi ber om ei positiv behandling av vår søknad.

Ta gjerne kontakt med meg eller Magne Aksnes tlf 480 38720, om det er ting som bør avklarast.

med helsing


Husbygg AS, Vikebygdivn 4 , 6103 VOLDA

Øyvind Eidså 489 96397
Styreleiar




www.avast.com

Volda kommune



Volda kommune





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2014/218

Arkivkode: 223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/17	Formannskapet	10.01.2017
	Kommunestyret	26.01.2017

FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT I 2017 ETTER § 7

Administrasjonen si tilråding:

1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.
2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1, "Kulturbakkane" og "Ristetunet" gitt fritak frå eigedomsskatt.
3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.

Vedleggsliste:

Liste over eigedomar som vert fritেকে frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a

Liste over eigedomar som vert fritেকে frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7b

Søknad om fritak etter eigedomsskattelova § 7 b

Uprenta saksvedlegg:

Fritakssaker frå tidlegare år

Eigedomsskattelova.

Samandrag av saka:

Det er opp til kommunestyret kva for eigedomar som verte gitt fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova (eskl) § 7. Ein tilrår at eigedomar på vedlagde lister vert fritekne for eigedomsskatt. I tillegg vert det tilrådd at nyoppførte bygningar som vert heilt eller delvis nytta til husvære får fritak i 1 år.

Saksopplysningar:

Ifølgje eigedomsskattelova § 10 skal kommunestyret kvart år i fastsette kva satsar og reglar som skal gjelde ved utskrivinga av eigedomsskatten. I denne samanhengen skal det gjerast vedtak om kva eigedomar kan fritakast for eigedomsskatt etter § 7 i eigedomsskattelova (eskl).

Vurdering og konklusjon:

Vi har laga til to stk lister som samlar alle eigedomar som fekk fritak frå eigedomsskatt i fjor etter eskl § 7a og § 7b. Ein tilrår at det vert gitt fritak til same eigedomane i år. Det er kome inn eit tillegg på fritak etter § 7b. Det er "Ristetunet" som er eit freda kulturminne. Søknad ligg vedlagt.

I kommunestyret den 18.12.2014 vert det også vedtatt at ein skulle nytte bustadverdiar (formuesgrunnlag frå Skatteetaten) som metode for taksering av bustadeigedomar. Bustadverdien er fastsett ved likninga før skatteåret. Alle endringar i bustadverdiane vil dermed kome 1 år seinare enn etter gjeldande takseringsreglar. Dette betyr i praksis at bustadar som vart tatt i bruk (enten ved mellombels bruksløyve eller ferdigattest) i løpet av 2016 ikkje får bustadverdi og må takserast på vanleg måte. Denne taksten vil da berre stå 1 år for bustadeigedomar vil da få bustadverdi ved neste utskriving av eigedomsskatt i 2018. Det er fleire ulemper med dette. Ved vanleg eigedomsskattetaksering, som for til dømes taksering av fritidseigedomar og våningshus, vil taksten gjelde i 10 år. Dette verte da ein "dyr" taksering sidan den berre vert gjeldande for 1 år. Ein vil også risikere at taksten endrar seg unaturleg mykje på 1 år sidan ein ikkje veit kva bustadverdien frå Skatteetaten vert for kommande år.

Vi tilrår derfor at kommunestyret også i år nyttar seg av eskl § 7c;

Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Viss fritaket gjeld for 1 år vil ein sleppe dei nemnte problemstillingar over. I tillegg vil det vere positivt for nyetablerte med ny bustad å sleppe eigedomsskatten første året etter at bustaden vert tatt i bruk.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen vil sjølvsagt tape nokon inntekter på å frita desse eigedomane for eigedomsskatt. Det er få av desse som har vorte taksert, men der vi har takst er eigedomsskatten er satt opp i høgre kolonne i listene.

For fritak etter eskl § 7c vil dette gjelde for ca. 50 bustadar som vart tatt i bruk i løpet av 2016. Estimert inntekt frå eigedomsskatt i 2016 frå desse er kr. 150.000. Ein må rekne med at omtrent kr 50.000 i takseringskostnadar som igjen betyr eit reelt inntektstap på kr.100.000. Dette er sjølvsagt eit grovt estimat.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Stiftingar og organisasjonar som får fritak etter eskl § 7a.

Sjur Aarflot, Sivert Aarflot vegen 13, 6105 Volda

Randi Lise Rønnestad, Camilla Colletsvei 14 B, 0258 Oslo

Bergliot Riste Langva, Andanesvegen 8, 6100 Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fritak etter § 7a

	Eigedomsskatt
Austefjord Idrettslag	
Austefjord Ungdomsslag	
Bjørkedal Nærskule	
Bjørkedalen skyttarlag	
Bratteberg barnehage	
Bygderadio Vest AS	1 224
Dalsfjord Sogelag	
Dravlausbygda Bedehus (Fredtun)	
Dravlausbygda Vel	
Folkestad Idrettslag	
Forsamlingshuset/ungdomshuset "Fridtun"	
Forsamlingshuset Solheim	
Frelsesarmeen	
Furene AS (gnr 11 bnr 24 og 64, gnr 11 bnr 22 -seksjon 1,3 og 4)	63 278
Fyrde bedehus	
Grendahuset Vesttun (Ulvestad Barneskule)	
Helgatun Stiftelsen	
Hjellebakkane Barnehage	
Høgskulen i Volda (kantine og administrasjon)	
Høgthun Grendahuslag	
Høgtun Forsamlingshus	
Høydal Hamnelag	600
Kilsfjord Grendahus	
Kometland	764
Lauvstad småbåtlag	850
L.L. Samhald	2 064
Lid bedehus	
Ljosheim Forsamlingshus	
Logehuset	
Mork Grendahuslag	
Mork Idrettslag	
Mork Ungdomshus	
Rotset Barnehage	
Røysmarka Studentbarnehage	
Studentsamskipnaden sine bustadar/hyblar	230 924
Sogelaget v/ Dalsfjord skule	
Solheim Forsamlingshus	
Stiftinga Dalsfjord Fyrmuseum	
Sætre Bedehus	
Trollsletta Barnehage	
Ungdomshuset Viten	
Velsvik Bedehus	
Vestsida Idrettslag	
Vikebygda Ungdomslag	
Volda Bedehus	
Volda golfklubb	
Volda jeger og sportsfiskelag	
Volda kristlege ungdomslag (Uppheim)	

Volda Rideklubb	
Volda Røde Kors	
Volda Sanitetslag	
Volda Sjukehus (kantine, kiosk og administrasjon)	
Volda Skisenter	
Volda skyttarlag	
Volda småbåtlag	
Volda Sogelag	
Volda Tennislager	
Volda Turn og Idrettslag	
Volda vidaregåande skule	
Øyra Barnehage	

Fritak etter § 7b

Eigedomsskatt	
Gnr 13 bnr 1, Sjur Aaflot	6 400
Gnr 30 bnr 344, "Ristetunet"	3 686
Gnr 116 bnr 5 "Kulturbakkane"	1 200

Volda Formannsskap

Rådhuset
6100 Volda

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2016/1367	Ans. ØST
Løpnr.	Sn. Elivas
22 AUG 2016	
Arkivdel:	Emne 2
Klassering P:	232
Klassering S:	

Volda 18.08.2016

SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT.

Eg søker om fritak for eigedomsskatt til Volda Kommune for eigedomen Ristetunet.

Eg viser til at denne eigedomen er freda kulturminne, i 1927 og 1978, sjå vedlagt dokumentasjon.

Min eigedom omfattar hovudbygninga, stabburet og borgstova, (sjøbuda tilhøyrrer museet.)

Frednga medfører auka kostnader då ein ikkje kan isolere og renovere som ein kan ved andre bygningar.
Huset er bygd i tømmer, med utvendig panel, utan annan isolasjon.
Tidlegare er det brukt oljefyring til oppvarming, dette blir no ikkje lenger aktuelt å bruke.

Takknemleg for svar

Med venlig helsing

Bergliot Riste Langva
Andanesvn. 8
6100 Volda





FREDA KULTURMINNE


Dato 23. april 1927 og 2. november 1978

Ristetunet, gnr. 30, bnr. 344 og bnr. 9
i Volda kommune

Fredinga omfattar hovudbygningen, buret, borgstova og sjøbua
med eksteriør, interiør og fast inventar.

Ristetunet er eit bygningshistorisk og kulturhistorisk viktig døme
på ein handelsstad frå kring 1840, med hovudbygning,
bur, borgstove og sjøbu intakt.

Oslo, 1. desember 2011



Jørn Holme
riksantikvar



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen

Arkivsak nr.: 2016/2129

Arkivkode: 223

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

9/17

Formannskapet

10.01.2017

Kommunestyret

KULTURMIDLAR - VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.**
- 2. Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.**

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA:

Kommunestyret vedtok i sak 172/16 (budsjettvedtaket) at det skulle utgreiast ei sak der midlar for tildeling til kulturtiltak blir utgreidde.

Kvart år kjem inn eit titals søknader om midlar frå lag og organisasjonar, noko som viser at dei forventar at kommunen har slike midlar til fordeling. Det har imidlertid ikkje vore budsjettert med kulturmidlar dei siste ti åra, ut over midlar til 17. maifeiring i sentrum (20.000 kr pr år) og på bygdene (1000 kr pr år).

Dei såkalla kulturmidlane vart tekne vekk i tidlegare budsjetthandsaming som eit sparetiltak for å frigjere midlar til kommunen sine primæroppgåver. Det er ikkje sett av pengar til kulturmidlar i budsjett og økonomiplan for perioden 2017 – 2020. Dersom tiltaket skal prioriterast må det også løyvast midlar.

VURDERING

Volda kommune ønskjer å vere ei allsidig og levande kulturkommune. Gjennom kulturmidlane kan kommunen stimulere og bidra til variert kulturtilbod og opplevingar som kan aktivisere menneske i alle aldre, med ulike interesser og føresetnader. Målsettinga er å fremme eit aktivt, allsidig og kvalitetsmessig godt kulturliv.

Dersom kommunestyret vel å gjeninnføre ordning med kulturmidlar, meiner rådmannen meiner det er viktig å sjå tiltaket i ein overordna samanheng og vere tydeleg på formålet med ordninga. Kommunen har sterkt fokus på førebygging, tidleg innsats og folkehelse. Det er særleg viktig å ha fokus på aktivitet og oppfølging av barn og unge for å førebyggje mot utanforskap og inkludere i fellesskapen. Rådmannen vil derfor foreslå at tiltaket vert særleg retta mot organisasjonar og aktivitetar for barn og unge.

Forslag til prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda kommune

- Kulturmidlane går til frivillige lag og organisasjonar innan eigen kommune (evt. i felleslag med nabokommunene). Dersom foreiningane har medlemmer også frå andre kommuner, må fleirtalet av medlemmane vere busett i Volda kommunen og foreininga si adresse/møtestad må vere i kommunen.
- Søknader som gjeld barne- og ungdomsarbeid skal prioriterast.
- Foreiningar som skal få støtte må ha vore i drift i minst 6 månader. Foreininga må ha ope medlemsskap, vedtekter og vald styre. Det må minst vere 10 medlemmer som betalar medlemskontingent.
- For lag og foreiningar som driv fleire aktivitetar – til dømes fleiridrettslag/allianseidrettslag – skal det sendast berre *ein* søknad der det blir forklart kva evt. tildelte kulturmidlar skal nyttast til.
- Det blir ikkje gitt støtte til kommersielle tiltak og arrangement, som t.d. konsertar, messer og liknande. Det blir heller ikkje gitt stønad til politiske foreiningar og trussamfunn.
- Kulturmidlane blir delt ut 1. halvår kvart år. Søknadsfristen er 1. mai. Søknader som kjem inn etter fristen, vil ikkje bli handsama.
- Årsmelding og rekneskap for siste år skal leggjast ved søknaden.

Oppretting av kulturmidlar i Volda kommune vil bidra til å styrke kulturlivet i kommunen og å gje moglegheit for enda større aktivitet i lag og organisasjonar. Formannskapet må avgjere kva politisk organ som skal tildele kulturmidlane, og om det også er andre grupper enn barn og ungdom som skal prioriterast.

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

Det er ikkje sett av midlar til tiltaket. Budsjettet for 2017 er godkjent med bruk av om lag 19 millionar i disposisjonsfond. Økonomiplanen er basert på reduksjon i tenesteeiningar og effektivisering for å balansere økonomien. Kommunen bør derfor ikkje opne opp for nye driftstiltak/auka driftstiltak. I så fall bør det vere tiltak som har positiv effekt på drifta og økonomien. Tiltak retta mot barn og unge kan ha det på sikt. Oppretting av tiltaket i 2017 vil auke sårbarheita i økonomien til kommunen for driftsåret.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

KONKLUSJON

Rådmannen tolkar kommunestyret slik at ein ynskjer å gjeninnføre ordninga med kulturmidlar, og at det er vilje til å gi dette prioritet. Dersom ein skal innføre dette i 2017, ser ikkje rådmannen annan finansieringsmåte enn å dekkje dette av formannskapet sin disposisjonspost. Dette reduserer handlingsrommet i økonomien for driftsåret.

Prinsipielt meiner rådmannen at alle kjente tiltak som kommunestyret vil prioritere skal vere innarbeidd når kommunestyret godkjenner budsjettet. Tiltak som ev ynskjer utgreidd for så å ta stilling til dei, bør i prinsippet kome att som tiltak som vert innarbeidd i neste års budsjett- og økonomiplanhandsaming.

Rådmannen ser to moglege alternative løysingar i saka:

A.

3. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar frå og med 2018. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.
4. Kulturmidlar vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.

B

1. Kommunestyret vedtek å innføre ordning med kulturmidlar. Vedlagte prinsipp for tildeling av slike midlar vert godkjende.
2. For 2017 vert det løyvd kr 200 000 tiltaket. Midlane vert dekt ved tilsvarande reduksjon av formannskapet sin disposisjonspost (som vert redusert frå kr 455.000 til kr 255.000). Midlane skal innarbeidast i komande budsjett- og økonomiplan.
3. Midlane vert fordelt av driftsstyret fram til tenesteutval for barn og kultur trer i funksjon og overtek denne funksjonen.

Fagleg vil rådmannen tilrå alterantiv A ettersom budsjettet for 2017 nettopp er vedteke, og at kjende tiltak som ein ynskjer utgreidd bør kome att i samband med neste års handsaming av budsjett og økonomiplan. Dette er også viktig for å gjere ei samla prioritering av dekning over drifta.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Administrasjonen for vidare arbeid
Økonomisjefen



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen

Arkivsak nr.: 2016/2111

Arkivkode: 076

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

10/17

Formannskapet

10.01.2017

Kommunestyret

KULTURPRIS - VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ordning for kulturpris i Volda kommune og godkjenner retningsliner for prisen slik det er vist i saksutgreiinga.*
- 2. Utgiftene med prisen i 2017, kr 10 000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett- og økonomiplan.*

Saksopplysningar/fakta:

Kommunestyret vedtok i sitt møte i desember 2015 at dei ønska fremma ei sak om oppretting av kulturpris for Volda kommune. Volda kommune har også tidlegare hatt kulturpris (1992-2006).

Kulturprisen har som formål å tene som inspirasjon for kulturarbeidarar i Volda kommune. Den skal også vere ein honnør for oppofrande arbeid innanfor det utvida kulturbegrepet.

Retningsliner for kulturprisen:

- Volda kommune sin kulturpris blir utdelt som honnør til mottakaren for verdifull innsats for kulturlivet i kommunen. Prisen blir delt ut kvart år.
- Målsettinga med prisen er å stimulere kulturarbeidet i kommunen.
- Kulturprisen kan tildelast enkeltpersonar eller grupper av personar, til lag og organisasjonar eller institusjonar som er heimhøyrande i Volda kommune, og som har vist evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege. Kulturprisen kan

også delast ut til kandidatar som ikkje er busett i kommunen, dersom kulturarbeidet til vedkommande har kome, eller kjem Volda kommune til gode.

- Vurderingskriterier for Volda kommune sin kulturpris:
 - Varigheit – «Lang og tro teneste»
 - Mangfald - innsats innanfor fleire områder av kulturlivet
 - Kvalitet – fremming av/utøving av kultur av høg kvalitet, medverknad til heving
 - Særskilde grupper – verdifull kulturinnsats for grupper med særskilde behov: Barn, ungdom, funksjonshemma, innvandrarak mv.
 - Formidling/marknadsføring av eit kulturområde innan kommunen og ut over kommunegrensa.
- Kulturprisen blir kunngjort med ein frist for å sende inn forslag på kandidatar det enkelte år. Fristen skal annonserast i avis og på kommunen si heimeside. Alle kan sende inn forslag, og forslaga skal vere skriftlege og grunngjeve.
- Ein jury på 3 medlemmer avgjer kven som skal få prisen. Juryen er samansett av ordførar, leiar og nestleiar for tenesteutval for barn og kultur.
- Jurymedlemmer kan kome med eigne forslag til kandidatar, og juryen kan tildele prisen til ein kandidat som det ikkje er kome inn eksterne forslag på.
- Prisen er på 10.000 kr, og blir overrekt av ordføraren i tilknytning til eit kommunestyremøte.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ein slik pris vil stimulere kulturarbeidet i kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Utgifter til kulturprisen må innarbeidast i budsjettet.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at det vert innført ein kulturpris i Volda kommune i samsvar med dei foreslåtte kriteria. Formålet med ein slik pris er å gje honnør og inspirasjon til kulturarbeidarar i kommunen.

Ordføraren må vurdere kva tidspunkt det er aktuelt å dele ut prisen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Dei som blir valde til jury

PS 11/17 Orienteringssaker

Til:

Jørgen Amdam – Volda kommune ^B
 Reidulf Botn – HVO ^B
 Aud Folkestad – HVO ^B
 Leif Roar Strand – HVO ^{BL}
 Carl Nettet – HVO ^B
 Ivar John Erdal – HVO ^B
 Idar Flo – HVO ^B
 Audhild Gregoriusdotter Rotevatn – HVO ^B
 Jacob Kjøde – Direktør HVO ^L
 Johann Roppen – Rektor HVO ^L
 Kjetil Lehn – Regiondirektør Statsbygg EM ^L

Kopi:

Tore Berg – Statsbygg ^{BL}
 Kristin Dale Selvig - Statsbygg
 Tore Bergmann – Statsbygg ^{BL}

Referat

DATO

13.12.2016

REFERANSE

MØTEDATO

07.12.2016

REFERENT

Ida Strømberg - Statsbygg

MØTESTED

Høgskulen i Volda, Volda

1130701 HVO Mediefag nybygg


Brukermøte med Høgskulen i Volda og Volda kommune 07.12.16

Som oppfølging av brukermøtet ble det 16.12.2016 avholdt møte mellom HVO, Statsbyggs regionkontor og prosjektledelsen. Deltakerne som deltok kun i brukermøtet er merket ^B, de som deltok kun i møtet er merket ^L. Deltakere i begge møtene er merket ^{BL}.

Nr	Sak	Ansv./Frist
1	Fremdrift og gjennomføring - Statsbygg presenterte revidert fremdriftsplan hvor kontrahering av prosjekteringsgruppe (PG) skjer på nyåret, men forsikret om at ferdig bygg ikke vil forsinkes pga. dette. - <i>Etterskrift fra 16.12.2016: Statsbygg tar initiativ og leder programarbeid for utarbeidelse av revidert program som benytter programprosjekt fra 15.01.16 som grunnlag. Kostnadene på prosjektet er styrende.</i>	
2	Prosjektrammer: Kostnadsnivå og betalingsevne - SB presenterte kalkyleestimat på prosjektkostnad. - Videre: Statsbygg gir kostnadsoverslag for flerbrukssalen, Volda kommune og HVO bruker dette som grunnlag for å beregne leiekostander. HVO bruker så dette for å bekrefte eller avkrefte om de har tilstrekkelig finansiell styrke til å gjennomføre prosjektet. - Kommunen ønsker fra Statsbygg en beregning på merkostnad fra visningssal til kinosal, statsbygg uttrykker at dette er tidlig i forhold til prosjektets modenhet i tillegg til at dette også for det	

	meste er brukerutstyr. - Etterskrift fra 16.12.2016: Slike vurderinger tas inn i revisjonsarbeidet med program.	
3	Den store salen: Kommunen eller høgskolens behov? - Storsalen er viktig for HVO for å være en fleksibel utdanningsinstitusjon. Storsalen erstatter et stort rom med flatt gulv i Ivar Aasen bygget. HVO signaliser at deres behov for arealer må kartlegges nærmere. - Volda kommune ønsker visningssal og en konferansesal. - HVO ønsker å eie flerbrukssalen. For HVO er det en forutsetning at kommunen forplikter seg økonomisk til leieinntekter. - Det er en forutsetning for HVO at kommunen er med gjennom et vedtak om en fastsatt leiesum. Det må lages en konkret avtale mellom HVO og Volda kommune. Dette er et grunnlag for hele prosjektet. Statsbygg uttrykket at flerbrukssalen påvirker allerede kostnadene til skisseprosjektet. HVO og Volda kommune bør allerede nå inngå en forpliktende avtale med sikkerhet for finansiering.	HVO/Volda kommune Snarlig
4	Volda Arena: Påvirker det prosjektet? - HVO uttrykker at Volda Arena ikke påvirker planene og behovet for mediebygget - Kommunen har fortsatt behov for en storsal, mener det ikke påvirker flerbrukssalens bruk i forhold til arrangementer og konferanser.	
5	HVOs forventning til fremdrift ferdig bygg - HVO ønsker bygget klart til semesterstart august 2020. HVO har en logistikk på 25 kontorer og undervisningsarealer ved utflytting av eksisterende bygg og innflytting i nybygg. - Ombyggingen av eksisterende bygningsmasse skjer utenom byggeprosjektet, ombyggingen må tas over HVOs driftsbudsjett.	
6	Tomteplassering - Volda kommune signaliserer at mediebygget har høyeste prioritet, derfor ønsker kommunen at Statsbygg gjør en analyse som tilrettelegger best mulig for høgskolens behov. - HVO sine mediefag ønsker enkel transport av utstyret mellom Hans-Strøm huset og nybygget. Andre fagutdannelse skal benytte undervisningsarealene i nybygget.	
7	Prosjektgjennomføring - Statsbygg ser behov for å utarbeide revidert program - o Det er behov for arealkartlegging av arealene HVO allerede har. - <i>Etterskrift fra 16.12.2016: Det er besluttet at programarealet og konseptet revurderes for å oppnå et mer kostnadseffektivt bygg. Idéene og intensjonene med nybygget opprettholdes.</i>	
8	Brukerorganisering	

	- Flere utdanninger ønsker å bli med i brukergruppen. Det er behov for en intern avklaring av hvilke funksjoner som skal inn. - Statsbygg har, i innledende fase, behov for en kontaktperson som har fullmakter til å ta strategiske avklaringer. - <i>Etterskrift fra 16.12.2016:HVO må koordinere og ha ansvar for å få nødvendige avklaringer fra Volda kommune. Det er ingen direkte prosjektlinje mellom HVO og kommunen.</i>	HVO
9	Eventuelt	



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jørgen Amdam/Stig Olav Lødemel	Arkivsak nr.:	2016/1981
		Arkivkode:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
2/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar Formannskapet	10.01.2017

ETABLERING AV NY KOMMUNE HORNINDAL OG VOLDA - PROSJEKTORGANISERING

Ordførarane rår til slik organisering:

- 1. Prosjektleder vert rådmann i ny kommune.*
- 2. Med bakgrunn i at det ikkje er konkurranse mellom dei to eksisterande rådmennene, er det ynskeleg at prosjektledarfunksjonen vert lagt som ein tilleggsfunksjon til rådmannen Volda kommune.*
- 3. Rådmannen i Hornindal kommune går inn i funksjon som assisterande rådmann i den nye kommunen.*
- 4. Ordførarane startar arbeidet med førebuingar for formelle og praktiske avklaringar for handsaming i ordinær fellesnemnd.*

Saksopplysningar

Førebels fellesnemnd ba i møte 8. desember om ei sak om permanent organisering av prosjektet.

Rådmennene har teke initiativ til å setje ned administrative arbeidsgrupper som i løpet av januar vil kome i gang med kartleggingsarbeidet. Det er viktig at ein no kjem i gang med prosessen. Det er under eit halvt år til at samanslåinga vert godkjent av Stortinget.

I siste møte i førebels fellesnemnd vart det drøfta om ein skulle forsere prosessen og etablere ny kommune frå 1. januar 2019. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil frarå å leggje opp til eit

kortare løp enn det som er rådd til sentralt. Prosessen er så vidt omfattande, og komplisert med kryssing av fylkesgrensa, at ein vil ha behov for nødvendig tid til å avklare alle forhold.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har rådd til at ein får avklart spørsmålet om prosjektleiar så raskt som råd etter Stortingsvedtaket i juni. Ordførarane finn derfor behov for at dette vert avklart så raskt som råd, og det er derfor positivt at førebels fellesnemnd har bedt om sak allereie til første møte i nemnda etter nyttår. I alle høve er ikkje dette eit tema som vert vidare omhandla i denne saka.

Det er to ulike modellar for den administrative organisering av prosjektet. Den eine er mellombels prosjektleiar trer ut av prosjektet og funksjonen når ny kommune er etablert. Den andre er at prosjektleiar også vert komande rådmann i den nye kommunen. I enkelte etableringsprosjekt vert den siste modellen også ein kombinasjon der prosjektleiaren også er rådmannen i den eine av dei eksisterande kommunane (som td Færder der rådmannen i Nøtterøy er prosjektleiar og komande rådmann).

Vurdering

Av erfaringar frå kommunereforma i Danmark og frå samanslåingsprosessar her i landet, peikar det seg ut at det er viktig at den som skal vere rådmann i den nye kommunen også er den som er prosjektleiar. Den vesentlege grunngjevinga for dette er at det er ei viktig leiaroppgåve å byggje opp organisasjonen og rekruttere i nøkkelstillingar i den nye kommunen. Det er viktig å ha samanheng mellom etablering og iverksetting, slik at det vert stabilitet og ikkje behov for å gjere ytterlegare endringar før den nye kommunen har kome i drift. Denne samanhengen er praktisk og prinsipielt viktig, og ein vil derfor rå til at dette vert vektlagt og godkjent av kommunestyra.

Ifølgje KS-advokatane sin rettleiar for arbeidsrettslege spørsmål ved kommunesamanslåingar, så skal det gjerast avklaringar med rådmennene omkring spørsmålet om deira rolle som prosjektleiar og komande rådmann. Begge sit på lang erfaring, god kompetanse og er vurdert som gode rådmenn. Rådmannen i Volda er interessert og sagt seg positiv til dette. Rådmannen i Hornindal har sagt at ho ikkje er interessert i å vere prosjektleiar og/el rådmann i den nye kommunen. Ho er interessert i å vere med over i ny kommune, og at ho kan gå inn i ei sentral stilling i rådmannen sitt leiarteam. Ordførarane ser det som naturleg at ho vert rådmannen sin næraste medarbeider og assisterande rådmann i den nye kommunen.

Modellen som er lagt for Færder kommune gir gjennomføringskraft ved at ein kombinerer prosjektleiar med rådmann i ei av dei eksisterande kommunane. Prosjektleiaren vert ein leiarfunksjon, der rådmannen disponerer over ressursane og kan bruke desse for å sikre framdrift i prosjektet. Dette har særleg effekt når det fell seg slik at kombinasjonen er ved rådmann i den største kommunen, slik det også er for Færder-prosjektet.

Ordførarane ser at det vil vere ei stor arbeidsbelastning å ha ei slik kombinasjonsrolle. Rådmannen må bruke ressursane slik det vert nødvendig for å frigjere kapasitet internt i organisasjonen. Ein må vidare sjå alle ressursar i samanheng, der dei operative oppgåvene i prosjektet må delegerast til ulike arbeidsgrupper mv.

Informasjon og kommunikasjon gjennom heile prosessen er svært viktig. Dette er gitt høg prioritet ved at det er oppretta stilling for kommunikasjonsrådgjevar. Denne stillinga vil vere til støtte for prosjektleiar. Samtidig vil ei kombinasjonsløyning av eksisterande rådmann og prosjektleiar/komande rådmann gjere det lettare å bruke ressursar på kommunikasjonsrådgjevar ved at ein ikkje treng å løne ein eigen prosjektleiar i tillegg.

I denne saka vert det lagt fram forslag til organisering. Dei formelle avgjerdene for å få det praktiske på plass, og inngåing av avtaler mv, bør gjerast av den ordinære fellesnemnda. Ordførarane vil gjere nærare førebuingar og involvere også dei tillitsvalte i prosessen. Inntil vidare vert arbeidet leia av dei to rådmennene i samarbeid.



Statens vegvesen

Referat

Dato: 08.11.2016
Tid: 12.30–14.00
Referent: Astrid Eide Stavseng

Sakshandsamar/telefon:
<Sakshandsamars namn / tlf>
Vår dato: 21.11.2016
Vår referanse:

E39 Volda hamn–Elvegata. Referat frå møte med Volda kommune 08.11.2016

Møte nr: 2
Stad: Volda rådhus
Møteleiar: Astrid Eide Stavseng/Robin Sætre
Til stades: Jørgen Amdam, Torgeir Stensø, Per Heltne, Rune Sjurgard, Asbjørn Aasebø, Berit Sandvik Skeide, Rune Totland, Stefan N. Halck, Robin Sætre, Astrid Eide Stavseng
Forfall: Fyll inn.
Kopi til: Vidar Neraas, vegavd. Møre og Romsdal

	Ansvar / frist
Formål med møtet <i>Volda kommune v/formannskapet gjorde i januar 2016 vedtak om å ikkje godkjenne reguleringsplanen for E39 Volda hamn–Elvegata (vedtak PS 14/16). I vidareføring av planlegginga er det behov for ei drøfting av løysing i det aktuelle området av Volda sentrum.</i>	
Status for aktuelle tiltak i Volda sentrum, utgangspunkt for møtet og vurdering av aktuelle alternative løysingar • Volda kommune og SVV hadde eit gjensidig orienteringsmøte 18.08.16. • Gjennom prosjektet «Mellom bygningane i Volda sentrum» har Volda kommune engasjert Nordplan AS til å detaljprosjektere ei definert strekning av Hamnegata til miljøgateprofil, samt eit område i Elvadalen definert som 'Bru og turveg mellom sentrum og Presteholmen'. • I tidlegare tilbakemelding til kommunen vedk. sistnemnde prosjekt, har SVV formidla at løysingar som vert prosjektert i dette området ikkje må	

	Ansvar / frist
vere premissgivande for hovudgrep i reguleringsplanen. Kommunen er samde i at ein må ha tett dialog om dei aktuelle løysingane og grensesnittet i begge delområda. • Reguleringsplan for E39 Volda hamn–Elvadalen vart ikkje vedteken i Volda kommunestyre i januar 2016. • Frå SVV si side vil ein prioritere å få ferdigstilt ein reguleringsplan for den aktuelle strekninga, og ønskjer i samarbeid med kommunen å finne løysingar som er i tråd med målsettingane for prosjektet, og som både SVV og kommunen kan stå inne for. • Mange alternative løysingar vart drøfta og vurdert i reguleringsprosessen i 2014–15. Fleire av alternativa vart i møtet drøfta og sett på på nytt, for å sjå om dei kan vere gjennomførbare med nokre justeringar. • Berekningar utført av SVV tyder på at årsdøgntrafikken (ÅDT) vil halde seg stabil om lag på dagens nivå, trass i at det vert etablert tunnel mellom Volda og Furene. Industrigata har i tillegg fått tilført meir trafikk frå bustadfeltet nord–aust for krysset. Kryssutforming Industrigata x E39 er ei av hovudutfordringane i prosjektet. • Det vart drøfta moglegheitene for å erstatte eksisterande bru mellom Elvegata og Industrigata med ei ny bru som er noko skråstilt samanlikna med eksisterande bru. Med ei slik løysing vil ein få etablert eit T-kryss til Industrigata. I anleggsperioden vil ein vere avhengig av å nytte vegen mellom Ristevegen og Hamnegata og dagens kommunale bru retning Holmen. • Dette føreset at vegen med noko bearbeiding vil ha akseptabel stigning, og vidare at brua er dimensjonert for denne trafikken. Ein må også sjekke tilhøva knytt til 200-års flaum og om vannlineberekningane vil vere utslagsgjevande for ei slik mellombels løysing. • Denne løysinga fordrar at tilkomst til kjøpesenteret frå Holmen (på elvasida) vert stengt. • Løysing og trafikkavvikling i anleggsperioden fordrar også at E39 er omlagt via Volda–Furene. • Når det gjeld avklaring i høve vidareføring av ev. alternativ inn mot planprosess etter PBL, har reguleringsplanen status som ikkje godkjent. Skulle dette bli ei løysing begge partane ser føre seg å gå vidare med, må ein i korte trekk ta ein utsjekk i høve varsla plangrenser, og vidare omarbeide plandokumenta før desse vert sendt kommunen for handsaming til offentleg ettersyn.	

	Ansvar / frist
<u>Oppfølging til neste møte</u> - SVV teiknar ut grovskisse av aktuelt alternativ, samt sjekkar stigning på omkøyringsveg. - Volda kommune sjekkar om brua i Hamnegata er dimensjonert for å kunne brukast som omkøyringsveg i anleggsfasen. Ålesund, 21.11.2016 Astrid Eide Stavseng, referent	Rune Totland 28.11.2016



Statens vegvesen

Referat

Dato: 18.11.2016
Tid: 10.00–12.00
Referent: Cathrine Helle–Tautra

Sakshandsamar/telefon:
Cathrine Helle–Tautra
Vår dato: 05.12.2016
Vår referanse:

Referat frå møte nr. 2/2016 i styringsgruppa til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta.

Møte nr: 2/2016
Stad: Ålesund kontorsted, møterom Borgund 2.etasje
Møteleiar: Jørgen Amdam
Til stades: Kjetil Strand, Ole Jan Tønnesen, Magne Vinje, Wenche Solheim, Karen Høydal, Rune Sjurgard, Cathrine Helle–Tautra
Forfall: Per Ove Nydal
Kopi til: Svein Sunde, Stein Aam, Fride Sortehaug

	Ansvar / frist
1. Planlegging av kommunedelplan for Ørstafjordkryssinga som ein del av første fase i bompengeprosjektet. Det er starta eit eige prosjekt som skal finne ut av teknologien som må til for å krysse Sulafjorden og Vartfalsfjorden. Dette prosjektet skal vere ferdig i mellom 2020 og 2025. Før resultata frå dette prosjektet er klart veit ein ikkje kor E39–traseen skal liggje. Formell planlegging før desse resultata føreligg er ikkje ønskelig frå Statens vegvesen si side. Bruk av bompengar vert vurdert på lik linje med bruk av statsmidlar. Det som derimot er fullt mogleg er å bruke midlar frå samferdselspakken til ei utredning. Ei slik utgreiing (også kalla moglegheitsstudie eller forprosjekt) er mykje brukt i store prosjekt for å gi prosjekta ein betre og raskare start når dei går i gang med planlegging etter plan og bygningsloven. Det er svært vanleg at store prosjekter set i gang eit	

	Ansvar / frist
forprosjekt til dømes for å vurdere moglegheitsrommet, alternativ og traseval. Det er naudsynt med ein detaljert beskriving av kva eit forprosjekt er for å kunne informere innbyggjarar og politikarar på ein god måte. Forprosjektet kan sjåast på som ei tilleggsutgreiing til konseptvalutgreiinga og resultata frå utgreiinga kan og brukast inn i eit planprogram. Samferdselspakken består av to fasar der Voldatunnelen er knytt til fase 1 og Ørstafjordkryssinga er knytt til fase 2. Denne fasen er uavklart og ligg fram i tid. Arbeidsgruppa sitt arbeid frem mot ein bompengeproposisjon er difor i all hovudsak knytt til fase 1. Det er to aktuelle alternativ for Ørstafjordkryssing i fase 2: • E39 kryssar Ørstafjorden • E39 går over Eiksund, kryssing av Ørstafjorden som tilførselveg som del av pakke Fasane kan ikkje sjåast i samanheng i bompengesøknaden fordi Stortinget behandlar kvar fase (søknad) for seg. Prosjektporteføljen som arbeidsgruppa legg fram skal innehalde prosjekter knytt til fase 1 av bompengeproposisjonen. For å fremje heile prosjektet med begge fasane kan ein omtale intensjonen om Ørstafjordkryssinga i stortingsproposisjonen og vise korleis dei heng saman. Styringsgruppa er samd om å sjå på Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta som eit prosjekt med to fasar. I prosjektporteføljen til fase 1 av bompengeproposisjonen skal det settast av midlar til ein moglegheitsstudie/forprosjekt for Ørstafjordkryssinga. Når trasevalet og kryssingane for Sulafjorden og Vartdalsfjorden har fått sine nødvendige avklaringar, kan det startast opp formell planlegging etter plan- og bygningsloven for Ørstafjordkryssinga. 2. Godkjenning av referat/mandatet til arbeidsgruppa. Det var ein diskusjon omkring i kva grad mandatet skulle si noko om oppgåvene til arbeidsgruppa. Kva slags type oppgåver arbeidsgruppa skulle gjere vart og diskutert. Arbeidsgruppa skal berre arbeide med oppgåver som er definerte i mandatet eller gitt av styringsgruppa. Styringsgruppa vart einig i at overordna forhold som ikkje er avklarte skal bringast inn for styringsgruppa som ei eiga sak. Det vart og vedtatt å leggje til eit ekstra kulepunkt i mandatet for arbeidsgruppa: • Arbeidsgruppa skal i tillegg utføre konkrete oppgåver definert av styringsgruppa.	Cathrine Desember 2016

	Ansvar / frist
3. Prosjektporteføljen. Porteføljen bør innehalde dei prosjekta som ein ønskjer å få bygd uavhengig av moglegheitene for å få statleg finansiering. Dersom nokon av prosjekta i porteføljen får full statleg finansiering er dette berre positivt for pakken. Ein kan då ta inn fleire prosjekt enn opphavleg. Tildeling av statlege midlar til prosjekta vert vurdert utifrå behov. Forventningar omkring statleg finansiering må sjåast på i forhold til totalsummen og ikkje dei enkelte prosjekta. Samferdselspakken for Volda og Ørsta er ikkje ein bypakke, men ein finansieringspakke. Porteføljen må sjåast på som ei løypemelding til styringsgruppa. Den er ikkje ferdig. Arbeidsgruppa arbeider vidare med porteføljen spesielt med tanke på målsettingane til samferdselspakken.	
4. Faseinndeling av samferdselspakken. Arbeidsgruppa skal på sikt utarbeide ein infofolder med informasjon omkring fase 1 og fase 2 av samferdselsprosjektet til bruk etter dei lokalpolitiske vedtaka i fase 1.	Arbeidsgruppa 2017
5. Kommunale og fylkeskommunale tilskot til pakken. Generelt kan ein sei at tilskot av kommunale og fylkeskommunale midlar vil verke positivt i forhold til behandlinga i Stortinget. Når det gjeld fylkeskommunal finansiering er det noko som ein kan sjå på når samferdselspakken har kome langt nok i prosessen. Kommunane vil gjere ei vurdering av alternative finansieringsmoglegheiter. Ein kan og sjå på tiltak som ligg litt utanfor ramma til samferdselspakken (til dømes at kommunen planlegg nokre av prosjekta i samferdselspakken i eigen regi), som ein form for tilskot.	
6. Info. Informasjon i prosjektet er viktig. Kommunikasjonsplan for prosjektet er under arbeid. Det vil vere viktig å få frem informasjon og hente innspel frå næringslivet og innbyggjarane i kommunane. Det blir oppretta ei enkel side på vegvesen.no og arbeidsgruppa vil halde informasjons- og dialogmøter så snart som råd. Det er og ønskje om å informere i media.	Cathrine Desember Arbeidsgruppa (snarast råd)
7. Anna. - Neste møte i styringsgruppa vert 10. februar frå kl. 10–12 i Ålesund. - Arbeidsgruppa legg fram møteplan for arbeidsgruppa og styringsgruppa på neste møte.	



Statens vegvesen

Notat

Til: Styringsgruppa Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta
Frå: Cathrine Helle-Tautra
Kopi til:

Sakshandsamar/telefon:
Cathrine Helle-Tautra
Vår dato: 05.12.2016
Vår referanse:

Mandat for arbeidsgruppa til Felles samferdselspakke for Ørsta og Volda

Bakgrunn:

I samband med bompengeutredning for Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta skal det etablerast ei arbeidsgruppe som skal utføre oppgåver gitt av styringsgruppa.

Organisering:

Arbeidsgruppa består av to deltakarar frå Statens vegvesen (inkludert arbeidsgruppas leiar), ein deltakar frå kvar kommune, ein deltakar frå Møre og Romsdal fylkeskommune samt strategisk støtte for kommunane.

Arbeidsgruppa består av:

Cathrine Helle-Tautra	Statens vegvesen, Strategiseksjonen (leiar)
Vidar Neraas	Statens vegvesen, Plan- og trafikkseksjonen
Gry Halvorsen	Møre og Romsdal fylkeskommune, samferdselsavd.
Rolf-Magnus Sundgot	Ørsta kommune
Per Heltne	Volda kommune
Svein Sunde	Gode Vegar AS

Oppgåver:

- Arbeidsgruppa skal utarbeide eit overbygningsdokument som beskriv konseptet til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta. Overbygningsdokumentet skal vise at pakken inneheld ulike tiltak i både Ørsta og Volda. Arbeidsgruppa skal også greie ut ulike modellar for bompengeprojektet.
- Arbeidsgruppa skal i fellesskap føreslå ei prioriteringsliste over prosjekter som kan inkluderast i samferdselspakken. Alle prosjekter i denne lista skal ha eit kostnadsanslag.
- For å sikre brei involvering lokal, skal arbeidsgruppa organisere:
 - o Folkemøter i Ørsta og volda sentrum
 - o Eigne møter med transportørane i området
- Arbeidsgruppa skal i tillegg utføre konkrete oppgåver definert av styringsgruppa.

Eg foreslår at dette vert sendt ut som orienteringssak for formannskapet til første møte etter nyttår.

Mvh

Rune

Fra: Helle-Tautra Cathrine [mailto:cathrine.helle-tautra@vegvesen.no]

Sendt: 5. desember 2016 14:00

Til: Jørgen Amdam; Strand Kjetil; Tønnesen Ole Jan; Per Ove Nydal; Rune Sjurgard; Stein Aam; Wenche Solheim; Karen Høydal; magne.vinje@mrfylke.no

Kopi: 'Svein Sunde'; Fride Sortehaug

Emne: Referat frå møte nr. 2/2016 i styringsgruppa til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta

Det kom berre nokre få kommentarar til referatet. Her er endeleg versjon av referatet samt eit oppdatert mandat.

Med hilsen

Cathrine Helle-Tautra

Seksjon: Strategiseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region midt, Postboks 2525, 6404 MOLDE

Besøksadresse: Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg., MOLDE

Telefon: +47 71274104 **Mobil:** +47 92864040 **e-post/Lync:** cathrine.helle-tautra@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-midt@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

Styremøte, Volda Næringsforum (protokoll)

Dato: 8. desember 2016

Tid: Kl 08.30 – 10.30.

Sted: Storgata 8, (Kulturnæringsshagen, møterom 1)

Innkalla:

- Eiliv Halkjelsvik (EH, nestleiar og AU) (ordstyrar)
- Frank Vatne (FV, styremedlem og AU)
- Kirsti Gjørvad (KG, styremedlem og AU)
- Jan Heltne (JH, styremedlem og AU)
- John Abraham Nymark (JAN, styremedlem og AU)
- Torill Hasfjord Bjørneset (THB, styremedlem)
- Stefan N. Halck (SNH, dagleg leiar VNF, referent)

Meldt forfall:

- Karl Erik Rønnestad (KER, styremedlem)
- Anita Kragset (AK, styremedlem)

Ikkje møtt:

- Mette Ryste (MR, styremedlem)

Møtte kl. 09.30 – 10.30

- Jørgen Amdam (JA, møte-/talerett, ordførar Volda Kommune)
- Rune Sjurgard (RS, møte-/talerett, rådmann, Volda Kommune)

Sakliste (intern del 08.30 – 09.30):

Sak nr	Beskriving	Ansvarleg
1	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjent utan merknader	
2	Godkjenning av protokoll frå årsmøte 2015 Godkjent utan merknader	
3	Status Volda Næringsforum v/dagleg leiar Tatt til vitande	
4	Vegen vidare, mål for 2017 m/diskusjon av målverdiar Nokre viktige punkt for Volda Næringsforum (VNF): Fokus på rekruttering: - I større grad aktivere styret og medlemmane i rekruttering av nye medlemmar - Identifisere bransjer der vi kan sette inn større fokus og etablere oss inn mot slike prioriterte bransjer Kva rolle skal VNF ha - Viktig å ha fokus på heile bredda av næringsliv i Volda (óg blant medlemsmassen) - Fokuserer på å identifisere dei viktige sakene, prioritere rett, gjennomføre og evaluere i etterkant for å lære og utvikle VNF - AU legg opp til eit eigenevalueringsmøte i januar 2017. - o Se på strategi og bruk av ressurser i perioden framover	EH



	○ SNH lager ei oversikt over kva vi bruker tid på, prosjekt, mv. ○ At vi har fokus på dei rette sakene og jobbar ut i frå ei god strategi og eit godt handlingsprogram er eit viktig signal å sende til våre medlemmar og samarbeidspartnarar	SNH
5	Vilkår, dagleg leiar AU skal jobbe vidare med dette, følger opp dette (januar 2017)	EH
6	Førespurnad om investering, nytt IT-utstyr AU følger opp dette, ses i sammenheng med budsjett (januar 2017)	EH
7	Konstituering av styret Eiliv konstituert leiar fram til neste årsmøte John Abraham konstituert nestleiar fram til neste årsmøte Det er understreka tydeleg at fram til neste årsmøte og val, vil AU i fellesskap fungere som leiande organ for VNF. AU skal derfor ha tilgang til informasjon, slik at ein i samråd tek avgjersle på vegne av VNF. Det er og forventa at AU-medlemmar (og/eller styret) kan stille opp i møte, mv. der VNF treng å ha med nokon i tillegg til dagleg leiar Ordinært årsmøte med ordinært val skal haldast i februar/mars 2017.	
8	Eventuelt Ingen saker meldt inn under eventuelt	

Sakliste (med ordførar og rådmann, 09.30 – 10.30):

Sak nr	Beskriving	Ansvarleg
9	Møteplan for 2017 (Punkt 9 vart beslutta flytta til etter punkt 10, og var behandla etter dette). AU har i stor grad vært engasjert i 2016, men heile styret har ikkje møttest Viktig at jamnleg dialog heldast i gong, og at krav frå Volda kommune stettast (jmf. budsjettsskriv, 2017) Forbedre tovegs dialog mellom Volda kommune og VNF gjennom jamnlege møte (føreslege 3-4 styremøte per år, i tillegg dialogmøte kvar månad). I tillegg orientering i Volda Formannskap kvart halvår (jmf. punkt 9, over). Vurdere å ha møter på kveldstid om det skulle være naudsynt Dagleg leiar SNH finn i samråd med rådmann Rune Sjurgard fram til datoar som kan høve for 2017, og sender så ut forslag til styret, AU, rådmann og ordførar Ein gong i halvåret: Orientering frå VNF ved dagleg leiar/styreleiar Ein var samde om å innkalle ordførar/rådmann eller andre frå Volda kommune til møteplassar som VNF og andre aktørar arrangerer for næringslivet	SNH SNH



10	Dialog knytt til status, mål for samarbeid, mv. - VNF sett i gong arbeid med å sette opp ei langsiktig strategi og deretter handlingsplan (jmf. punkt 4, over), slik at VNF får vist fram dei langsiktige planane for organisasjonen - Dialogen og samarbeidet er viktig, og dette har mellom anna samanheng med den rolla VNF spiller og skal spille inn mot arbeid med fleire store prosessar og prosjekt (til dømes Volda-tunellen, kommuneplanens arealdel med ny sentrumsregulering, prosessar med Statens Vegvesen (SVV) og sentrumsområdet knytt til fergetaia, status gjennom sentrum, brokryssingar, mv.) - Det er og sær s viktig å stå samla kring sentrale tema sett i lys av den seinare tids utvikling med tendensar til sentralisering - Sentralt spørsmål i denne samanheng: Kva posisjon skal Volda ta i regionen? - Ligger et potensiale i å utvikle innovative tjenester sammen/inn mot Volda kommune (og dette skjer gjennom møteplasser) - o Her kan Nettverk og kommunikasjonsgruppa som skal opprettast i VNF spele ei rolle	
11	Eventuelt Ingen saker meldt inn under eventuelt	

Send gjerne inn kommentarar til protokollen, som kan innarbeidast før endeleg godkjenning.

Stefan N. Halck
Referent

Framlegg til Partnerskapsavtale for studiebygdA

1. Partnerar

Partnerane i avtalen er Høgskulen i Volda, Studenttinget i Volda, Studentsamskipnaden for Sunnmøre, Volda vidaregåande skule, Volda kommune, Frivilligsentralen i Volda, Volda Næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage.

2. Formål

Formålet med partnerskapen er å samarbeide om å utvikle og styrke Volda som ein attraktiv stad for utdanning og kompetanseheving.

3. Forankring

Alle partnerar innarbeider deltaking i partnerskapen som strategi i sine overordna planar.

Avtalen gjeld frå januar 2016.

4. Visjon og verdigrunnlag

Visjon: StudiebygdA – ein møteplass for å dele og lære av kvarandre.

Samarbeidet skal byggje på kjerneverdiane:
Samspel – Mangfald – Idéar – Læring (SMIL).

5. Partnerane sine roller og organisering av samarbeidet

Samarbeidet medfører at:

- Partnerane er likeverdige
- Partnerskapen samordnar felles satsingsområde og innarbeider dei i eigne forpliktande planar (budsjett og planverk)
- Summen av desse satsingsområda er partnerskapen sin handlingsplan

Det vert sett ned eit studiebygdA-forum slik:

- Kvar partner nemner ut ein fast representant med personleg vara
- Samarbeidsforumet skal ha minst tre møter per kalenderår
- Samarbeidsforumet konstituerer seg sjølv og vel leiar og sekretær
- Leiar vert vald for to år

Leiinga i partnerskapsorganisasjonane har eit særskilt ansvar for å at arbeidet i studiebygdA-forumet blir følgt opp og sikra tilstrekkelege ressursar.

Alle partnerar har ansvar for å søkje om prosjekttilskot som kan bidra til å realisere relevante utviklingsarbeid og arrangement.

Utover samarbeidsforumet kan det opprettast partssamansette arbeidsgrupper, av representantar som har interesse og relevant kompetanse for dei utvalde tiltaka. Arbeidsgruppene skal ha tydelege mandat og ansvar, og dei skal vere forankra i leiinga i partnarskapsorganisasjonane.

6. StudiebygdA som merkevare

StudiebygdA-namnet er ei merkevare som bør nyttast og synleggjerast aktivt av alle partnarane. Logoen til studiebygdA kan ligge på partnarane sine nett-framsider og lenke direkte til SoMe sida for studiebygdA.

7. Faste fellesarrangement

StudiebygdA-partnarane er gjensidig ansvarlege for å ta initiativ til og delta i tiltak og arrangement som byggjer opp under formålet med samarbeidet.

8. Oppseiing

Partnarane kan gå ut av samarbeidet med tolv månaders oppseiingstid.

9. Tvistar

Dersom partnarane er usamde i korleis denne avtalen eller tilhøyrande spørsmål skal forståast, skal usemja søkjast løyst gjennom forhandlingar i studiebygdA-forumet.

Volda, 12.12.16

Sunnmøre Kulturnæringshage

Frivilligsentralen i Volda

Volda vidaregåande skule

Volda Næringsforum

Studentsamskipnaden for Sunnmøre

Volda kommune

Studenttinget i Volda

Høgskulen i Volda

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 4-2016 i Sunnmøre Regionråd IKS

Fredag 25.11.2016 kl. 11.00-15.00 vart det halde møte i representantskapet i Sunnmøre Regionråd på Radisson Blu Hotel i Ålesund.

Til stades:

Frå representantskapet:

Giske kommune: ordførar Harry Valderhaug
Haram kommune: varaordførar Randi Walderhaug Frisvoll
Hareid kommune: ordførar Anders Riise
Sandøy kommune: varaordførar Åse Kristin Bakke
Sande kommune: ordførar Dag Vaagen
Skodje kommune: varaordførar Geir Ove Leite
Stordal kommune: ordførar Eva Hove
Sula kommune: ordførar Jim Arve Røssevoll
Sykkylven kommune: ordførar Odd J. Drotninghaug
Ulstein kommune: ordførar Knut Erik Engh
Vanylven kommune: varaordførar Bjarne Sætrenes
Volda kommune: ordførar Jørgen Amdam
Ørsta kommune: ordførar Stein Aam
Ålesund kommune: varaordførar Tore Johan Øvstebø

Forfall:

Herøy kommune: varaordførar Camilla Storøy
Norddal kommune: ordførar Arne Sandnes
Sandøy kommune: ordførar Oddvar Myklebust
Stranda kommune: varaordførar Arild Ringdal
Vestnes kommune: varaordførar Randi Bergundhaugen
Volda kommune: varaordførar Fride Sortehaug
Ørskog kommune: ordførar Karen Simonnes Aanes

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune
Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune
Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune
Styremedlem Marit Elisabeth Larssen, Giske kommune

Rådmenn:

Asle Giske, Sande kommune
Astrid Eidsvik, Ålesund kommune
Bente Glomset Vikhagen, Skodje kommune
Leon Aurdal, Sula kommune
Turid Hanken, Haram kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Sperre Austnes
Rådgivar Erlend Krumsvik
Prosjektleiar Einar Haram

Andre:

Fylkesmann Lodve Solholm, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Strategi- og utviklingssjef Anne Mette Liavaag, Ålesund kommune

Sak 36/2016: Godkjenning av innkallinga

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Innkallinga vart godkjent.

Sak 37/2016: Godkjenning av saklista. Saker til eventuelt

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Saklista vart godkjent. Vaagen opplyste om at rekkefølga på sakene vart endra slik at sak 41/2016 om regionreforma kom først, deretter sak 43/2016 om hydrogen. Fylkesmannen sin halvtime var første sak etter lunsj.

Som sak til eventuelt var resolusjon om støtte til bygging av ny vidaregåande skule på sørsida i Ålesund sentrum.

Sak 38/2016: Val av to personar til å underteikne protokollen

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Eva Hove og Stein Aam vart valt til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren av representantskapet.

Sak 39/2016: Fylkesmannen sin halvtime

Ved fylkesmann Lodve Solholm, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Temaet var kommunereform. Fylkesmannen stilte spørsmål om kva fristen 31.12.2016 betyr for eventuelle nye vedtak om kommunesamanslåing. Fristen er for å kome med i stortingsproposisjonen som vert lagt fram til sommaren neste år.

Det per i dag er 5 vedtak om samanslåing i Møre og Romsdal:

- Hemne, Snillfjord og Halså
- Fræna og Eide
- Molde, Nesset og Misund
- Ålesund, Skodje, Sandøy og Ørskog
- Volda og Hornindal

Alle disse kommunane får ein million kroner per år i skjønnsmidlar frå fylkesmannen for perioden 2017-2019. 1. januar 2020 skal nye dei nye kommunane vere operative.

Fylkesmannen sa at tilbodet om skjønnsmidlar til kommunar som vedtek å slå seg saman står ved lag ut 2017. Han anbefalte likevel å gjere vedtak før sommarferien, slik at komiteen rekk å handsame dei. Fylkesmannen viste til at kommunane kan byggje vidare på dei gode intensjonsavtalane som finst.

Sak 40/2016: Drøfting av arbeidet i Demokrati/eDemokrati-prosjektet

Innleiing ved rådgivar Erlend Krumsvik i Sunnmøre Regionråd

Prosjektet har sidan førre representantskapsmøte vore handsama i styret i regionrådet.

Føremålet med prosjektet er å utvikle, prøve ut og implementere system for aktiv medverknad mellom kommunane og innbyggjarane.

Det er planlagt studietur til Malmø i januar 2017 saman med KS-Konsulent. Styret i Sunnmøre Regionråd vil lyse ut prosjektleiarstilling og arbeidet vert prosjektorganisert.

Det kom innspel frå representantskapet om at sidan det vert færre politikarar i høve til innbyggjarantalet etter kommunereforma, treng ein nye demokratimodellar for å kome i dialog med innbyggjarane. Prosjektet kan ikkje berre vere langsiktig, men må stette behov her og no.

Det vart sagt at det står om demokrati og nye samhandlingsformer i intensjonsavtalen om Regionkommune Ålesund. Dette kan brukast som rettesnor for konkret arbeid med nye demokratimodellar.

Andre innspel frå representantskapet til prosjektet var å sjå på kva andre har gjort, definere eit forprosjekt, søkje VRI-midla og prøve ut eit utval demokratimodellar.

Sak 41/2016: Drøfting av arbeidet med regionreforma

Innleiing ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Styreleiar orienterte om at kontaktutvalet (jf. sak 32/2016) har hatt fellesmøter med regionråda i Sogn og Fjordane 22. november og med Romsdal Regionråd (ROR) og Orkide` 23. november 2016. Notat frå begge desse møta vart sendt ut til møtet i representantskapet.

Når det gjaldt møtet med regionråda i Sogn og Fjordane oppsummerte styreleiar at signala frå Nordfjord var at Sogn og Fjordane eventuelt går samla inn i ein ny region. Samhandling må då kome til på tvers av regiongrensene.

Det er behov for å utvikle ein randsonopolitikk for kommunar i ytterkant av regionane.

Nordfjord kan til dømes vere interessert i å samarbeide med sunnmørskommunane om næringsplan. Samferdsel er også eit mogleg samarbeidsområde. Styret i Sunnmøre Regionråd fekk støtte frå representantskapet til å kome med uttale til støtte for Hemsedal-alternativet (Rv. 52) som hovudveg aust – vest. Førsteprioritet for Sunnmøre Regionråd som aust-vest samband er imidlertid Strynefjellet (Rv. 15).

Når det gjaldt møtet med Romsdal Regionråd (ROR) og Orkide` så har 6 kommunar på Nordmøre vedteke å gå mot Trøndelag. Ved ei deling av fylket går truleg også Romsdal (minus Vestnes som er ein del av Sunnmøre og Rauma som ikkje har tona flagg) mot Trøndelag.

Regionråda var samde om å møtast om førebudde enkeltsaker vinter/vår 2017.

Det vart drøfta om ein storregion på Vestlandet vil bli sentret rundt aksa Bergen-Stavanger, slik at Møre og Romsdal vil bli kunne bli perifer. Det var knytt spaning til kor vidt Stortinget vurderer Møre og Romsdal fylke som for lite i høve til dei oppgåvene som regionane skal løyse.

Konklusjonen i representantskapet var at ein må byggje og vidareutvikle seg som ein ny region som heiter Møre og Romsdal.

Sak 42/2016: Drøfting av arbeidet med strategisk næringsplan for Sunnmøre

Innleiing ved styremedlem Dag Olav Tennfjord

Arbeidet med strategisk næringsplan er forankra i strategien til Sunnmøre Regionråd. Visjonen er å fremje vekst og utvikling gjennom koordinert samhandling mellom næringsliv og offentleg sektor. Ved å lage ein plan som ikkje er forankra i plan- og bygningslova vil det vere færre prosesskrav og større fleksibilitet med omsyn på framdrift og ressursar.

Arbeidet er tenkt prosjektorganisert med styringsgruppe og grupper med ulike tema, til dømes infrastruktur, marin, møbel, maritim og offentlege tenester. Prosjektet skal samordne planverk (lokale næringsplanar, regionale areal- og transportplanar m.m.).

Planen skal spisse den politiske påverknadskrafta for regionen og etablere ein nasjonal posisjon for regionen innan nøkkelnæringar. Næringsplanen kan også ta opp i seg regional randsonestrategi, dvs. identifisere avbøtande tiltak og lage strategiar for dei kommunane som gjennom å liggje opp mot ei geografisk barriere eller regiongrense har særskilde utfordringar.

Sak 43/2016: Skal Sunnmøre satse på hydrogen?

Innleiing ved prosjektleiar Einar Haram i Sunnmøre Regionråd

Haram sa at det må på plass ein infrastruktur (fyllestasjonar) for å kunne satse på hydrogen. Hydrogen har null utslepp, kun vatn slepp ut av ein hydrogenbil.

Haram viste til at Midt-Norge har alle føresetnader for å ta ei leiande rolle innan hydrogen: her er tilgang på fornybar energi, kompetansemiljø, innovativt næringsliv og politisk engasjement. Hydrogen kan eksporterast blanda med naturgass.

I grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan er måla for transportsektoren i Norge skildra. Det er satsing på nullutsleppskøyrety, men det må infrastruktur på plass.

Haram viste til at det er dialog med Uno-X Rema 1000 om bygging av stasjon i Ålesund.

Haram ønskja fyllestasjon i Ålesund i 2017, prøvedrift av bussar som går på hydrogen og utviklingskontrakter for hydrogenferjer.

Sak 44/2016: Budsjett for Sunnmøre Regionråd 2017

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styreleiar og dagleg leiar presenterte framlegget til budsjett for 2017. Budsjettet legg til grunn ei oppjustering av driftstilskotet (jf. selskapsavtalen § 4) frå kommunane med 2,5% frå 2016 til 2017. Oppjusteringa er lik kommunal deflator (anslag samla pris- og lønsvekst) i framlegget til statsbudsjett for 2017. Det er altså ikkje lagt opp til nokon realvekst i kommunalt driftstilskot frå deltakarkommunane til regionrådet.

Vedtak: Representantskapet godkjenner det framlagde budsjettet.

Sak 45/2016: Eventuelt

Ved varaordførar i Skodje kommune Geir Ove Leite

Leite la på vegne av Skodje kommune og Ålesund kommune fram forslag til felles resolusjon om støtte til sikring av finansiering av ny vidaregåande skule på sørsida i Ålesund sentrum.

Dei bad kommunane i Sunnmøre Regionråd oppfordre fylkestinget til å følgje tilrådinga frå fylkesutvalet og sørgje for finansiering av første byggetrinn av Ålesund vidaregåande skule med oppstart i 2017.

I drøftinga av forslaget i representantskapet vart det sagt at det tidlegare har vore usemje på fylkestinget om prioriteringa av Ålesund vidaregåande skule framfor Ørsta vidaregåande skule. Det kom synspunkt om at det var feil å ta opp saka i regionrådet fordi ein ikkje bør fremje saker deltakarkommunane ikkje er samde om.

Vidare kom det synspunkt om at ein ikkje bør ta opp saker i representantskapet utan at dei er handsama i styret. Representantskapet bad styret vurdere dei prinsipielle sidene ved å leggje fram sak for representantskapet.

Ålesund 25.11.2016

.....
Dag Vaagen

.....
Eva Hove

.....
Stein Aam



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Deltakarar i Oppreisningsordninga for tidlegare
barnevernsbarn i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		127039/2016	Åge Brekk, 71 25 87 08	19.12.2016

Orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal for 2016

På samarbeidsmøte mellom deltakarkommunane den 25.02.2016, var det semje om at sekretariatet skulle sende ut ei orientering om arbeidet i Oppreisningsordninga på slutten av kvart kalenderår.

Tilsaman 30 av kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune har gått saman i ei Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal. Når det gjeld organiseringa av oppreisningsordninga etter §§ 2 og 3 i vedtektene, syner ein til at Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 10.11.2015 oppnemnde følgjande medlemmer i Oppreisningsutvalet:

Leiar: tidlegare førstelagmann Aage Rundberget
(vara: tidlegare sorenskrivar Magne Nerland).
Medlem: spesialpedagog/politikar Maritta B. Ohrstrand
(vara: fagkoordinator Heidrunn Avdem)
Medlem: psykolog Arne Ytterhus
(vara: spesialpedagog Bente Ursin Forseth)

Sekretariatet har som ei sentral arbeidsoppgåve, å handsame søknadar før avgjerd vert teke i utvalet. Her blei Åge Brekk tilsett frå 01.01.2016 som sekretariatsleiar. Konsulent Kari Rundmo frå administrasjonsseksjonen i fylkeskommunen er sekretær for utvalet. Rådgjevar Åsta Vadset ved Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal, tar hand om dei arkivfaglege oppgåvene i sakshandsaminga av søknadane.

Sekretariatet hentar opplysningar i alle tilgjengelege arkiv med mogleg informasjon om ein søkjar, før, under og etter institusjonsplasseringa. Det er tale om kommunale, fylkeskommunale, statlege og private arkiv. Arkiva etter dei kommunale barnevernsnemndene og skulestyra er sentrale. Riksarkivet oppbevarar arkivet etter Kontoret for spesialskolene, og det statlege arkiverket elles tek vare på spesialskolearkiva.

Når det gjeld barneheimar, var fleire dreve av private organisasjonar som Frelsesarmeen, Indremisjonen, Nasjonalforeninga sitt helselag osv. Her er mykje av arkivmaterialet knytt til einskildbebuarar makulert eller gått tapt på andre måtar. Det som kan finnast er oftast protokoller for inn- og utskriving av barna og årsmeldingar. I Fylkesmennene og kommunane sine arkiv kan det og finnast tilsynsrapportar og korrespondanse mellom fylkesmannen sin barnevernssekretær og Sosialdepartementet, som kan fortelje noko om korleis barna hadde det på barneheimen i kvardagen. Fleire spesialskolar og barneheimar har vore granska på 2000-tallet. Dette kan også gi informasjon om korleis omsorgen i det heile har vore i tidlegare tider, om straffemetodar som var praktisert og om overgrep som blei begått. Dette gir ein faktabakgrunn for å vurdere søkjarane sine eigenmeldingar om det dei har vore utsett for på institusjon.

Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn blei kunngjort med verknad frå 01.04.2016. Hittil i 2016 er det motteke 19 søknader om oppreisning frå personar som då dei var barn eller unge blei plassert på barneheim eller ved spesialscole. Søknadane gjeld 11 plasseringar på spesialscolar og 8 på barneheimar, der 7 gjeld opphald på barneheimar i Møre og Romsdal. Fem av søkjarane har hatt avtale med sekretariatet om hjelp med utfylling av søknadsskjema. Av søkarane er 10 kvinner og 9 menn. Gjennomsnittsalderen for søkjarane er 60 år.

Søknadane gjeld følgande kommunar (talet på søknadar i parantes):

Fræna (1), Gjemnes (1), Haram (1), Herøy (1), Sula (1), Sunndal (3), Sykkylven (1), Tingvoll (2), Ulstein (2), Vanylven (1), Volda (1) og Ålesund (4).

Oppreisningsutvalet har hatt tre møter i 2016. Tilsaman 11 av søknadane er pr. i dag ferdigbehandla i utvalet. I 10 av desse er det løyvd tilsaman 3 600 000 kroner i oppreisningsbeløp som har kome til utbetaling frå dei ansvarlege kommunar med 2 550 000 kroner. Når det gjeld differansen mellom tilkjent og utbetalt pengesum, viser ein til avkortingsregelen i § 7 i vedtekta som fastset at det skal gjerast fradrag for erstatning/oppreisning ytt frå anna offentleg oppreisningsordning. Gjennomsnittlig tildelt beløp i utvalet utgjer då kroner 327 000 kroner, mens gjennomsnittleg oppreisningssum til utbetaling frå kommunane er 232 000 kroner.

Ein søknad blei avslått, då det ikkje var dokumentert omsorgssvikt.

Med helsing

Åge Brekk
sekretariatsleiar



Møre og Romsdal politidistrikt

POLITIET

Tilråkning

-

Effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder

Møre og Romsdal politidistrikt

Versjon 1.0

Tilrådning – effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt				
Skrevet av: M. Frøland	Dato: 15.12.16	Versjon: 1.0	Status: Godkjent	Side 2 av 34

Innhold

1	Sammendrag	3
2	Innledning	5
2.1	Bakgrunn	5
2.2	Formål	5
2.3	Grunnlagsdokumenter	6
2.4	Avhengigheter og avgrensninger	6
2.5	Tilnærming og organisering	7
2.6	Høringen av politimesterens forslag	8
3	Dagens situasjon	8
3.1	Dagens organisering	8
3.2	Interne erfaringer og utfordringer knyttet til dagens organisering	9
3.3	Ny organisasjonsmodell	10
4	Vurdering av alternativer	11
4.1	Innledning	11
4.2	Alternative tjenestestedsstrukturer	12
4.3	Analyse av de mest aktuelle alternativene	13
4.3.1	Beskrivelse av alternativ 1	13
4.3.2	Beskrivelse av alternativ 2	14
4.4	Drøfting av alternative tjenestestedsstrukturer	15
4.4.1	Innledning	15
4.4.2	Alternative tjenestestruktur Nordmøre	16
4.4.3	Alternative tjenestestruktur Romsdal	18
4.4.4	Alternative tjenestestruktur Nordre Sunnmøre	19
4.4.5	Alternative tjenestestruktur Indre og Søre Sunnmøre	20
4.4.6	Økonomiske og administrative konsekvenser	22
4.4.7	Risiko og sårbarhetsvurdering	22
4.4.8	Oppsummering – forslag	25
5	Tjenestetilbudet til innbyggerne	29
6	Lokale synspunkter på forslaget	31
6.1	Synspunkter fra berørte kommuner	31
6.2	Synspunkter fra tjenestemannsorganisasjonene	31
6.3	Synspunkter fra andre	32
7	Tilrådning om endringer i tjenestestedsstruktur	32
8	Vedlegg	34

Tilråkning – effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt				
Skrevet av: M. Frøland	Dato: 15.12.16	Versjon: 1.0	Status: Godkjent	Side 3 av 34

1 Sammendrag

Stortinget har besluttet at nærpoltireformen skal gjennomføres. Møre og Romsdal politidistrikt ble etablert 1.1.2016 og politimesteren presenterer her sin tilråkning til endringer i Møre og Romsdal politidistrikts tjenesteenhets- og tjenestestedsstruktur.

Nærpoltireformen handler om å skape trygge lokalsamfunn. Samfunnet endrer seg og kriminaliteten blir stadig mer komplisert. Politiet må utvikle seg for å kunne bekjempe dagens og morgendagens kriminalitet. Stortinget har lagt føringer for de kvalitetskrav som stilles til tjenesten og prosessen frem til endelig beslutning av politidistriktenes lokale struktur.

Tilråkningen bygger på:

- Politiske målsettinger og føringer til nærpoltireformen
- Oppgaver og ansvar som er lagt til tjenesteenheter og tjenestesteder
- Erfaringer fra dagens organisering
- Høringssvar fra kommuner
- Høringssvar fra arbeidstakerorganisasjoner, vernetjenesten, ledere og ansatte i politidistriktet
- Rapport fra arbeidsgruppe med anbefaling til ny tjenestestruktur

Etter en lokal prosess og vurdering som beskrevet over, er politimesterens forslag som følger:

Møre og Romsdal politidistrikt deles inn i


- **12 tjenesteenheter** (lensmannsdistrikt/politistasjonsdistrikt)
- **16 tjenestested** (13 lensmannskontor/3 politistasjoner)
- **3 politiposter** (ved flyplassene i Kristiansund, Molde og Ålesund)

Forslaget ivaretar de kvalitetskrav som er stilt til politidistriktenes lokale struktur og ny struktur vil legge bedre til rette for følgende resultater:

- ⇒ Riktig og helhetlig prioritering på tvers av politidistriktet
- ⇒ Mer helhetlig og fleksibel styring av personell- og materiellressursene
- ⇒ Oppgaveløsningen lokalt blir mer effektiv for politidistriktet totalt sett
- ⇒ Det blir mulig å utvikle bedre lokal fagekspertise
- ⇒ Politiet får en styrket tilstedeværelse lokalt, oppfyller responstidskrav og er tilgjengelig for publikum
- ⇒ Politiet får bedre beredskap og økt evne til kraftsamling lokalt

Kapittel 4 beskriver de alternativer til ny tjenestestruktur som er vurdert i løpet av prosessen.

Tilrådning – effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt				
Skrevet av: M. Frøland	Dato: 15.12.16	Versjon: 1.0	Status: Godkjent	Side 4 av 34



Figur 1 Forslag til nytt organisasjonskart for Møre og Romsdal politidistrikt¹

Tjenesteenheter	Kommuner	Tjenestested
Smøla og Aure lensmannsdistrikt	Aure, Smøla	Aure
Halsa og Surnadal lensmannsdistrikt	Surnadal, Rindal, Hals	Surnadal
Indre Nordmøre lensmannsdistrikt	Sunndal, Nettet, Tingvoll	Sunndal og Tingvoll
Kristiansund politistasjonsdistrikt	Kristiansund, Averøy, Gjemnes	Kristiansund
Molde politistasjonsdistrikt	Molde, Midsund, Aukra,	Molde
Eide og Fræna lensmannsdistrikt	Fræna og Eide	Fræna
Vestnes og Rauma lensmannsdistrikt	Vestnes, Rauma	Rauma og Vestenes
Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt	Ørskog, Haram, Sandøy, Skodje, Stordal, Norddal	Haram
Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt	Sykkylven, Stranda, Volda, Ørsta	Ørsta og Sykkylven
Ålesund politistasjonsdistrikt	Ålesund, Sula og Giske	Ålesund
Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt	Ulstein og Hareid	Ulstein
Søre Sunnmøre lensmannsdistrikt	Herøy, Sande og Vanylven	Herøy og Vanylven

Tjenesteenhetslederen vil ha kontorsted ved tjenestestedene Aure, Surnadal, Sunndal, Kristiansund, Molde, Fræna, Rauma, Haram, Ålesund, Ørsta, Ulstein og Herøy.

¹ Kommuner som legges til lensmanns- eller politistasjonsdistrikt framkommer i grått felt. Tjenestested er foreslått plassert i kommuner med uthevet skrift

Tilråddning – effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt				
Skrevet av: M. Frøland	Dato: 15.12.16	Versjon: 1.0	Status: Godkjent	Side 5 av 34

2 Innledning

2.1 Bakgrunn

Politiet er i dag under et betydelig endringspress. Grunnleggende utviklingstrekk i samfunnet utfordrer den norske politimodellen og stiller nye krav til hva som er en god polititjeneste. Nærpolitireformen² er vedtatt og Justis- og beredskapsdepartementet (JD) har det formelle ansvaret for å omsette politiske vedtak og føringer til tydelige oppgaver og rammer for underlagte etater.

Justis- og beredskapsdepartementet har gitt Politidirektoratet i oppdrag å fastsette politidistriktenes lokale struktur – både tjenesteenheter og tjenestesteder³, og geografiske driftsenheter⁴. Politidirektoratet har igjen gitt politidistriktene oppdraget å gjennomføre dette⁵. Politidirektoratet har gitt politidistriktene føringer om organisering, innhold, krav til de nye tjenesteenhetene og krav til lokale prosesser.

2.2 Formål

Fremtidens politi må kunne møte den kompliserte, alvorlige og grenseoverskridende kriminaliteten, og samtidig levere en god polititjeneste der folk bor. For å utvikle et politi som kan møte fremtidens behov har det vært stor politisk enighet om å gjennomføre effektiviseringsreformer i politiet.

Politianalysen⁶ var et sentralt bakgrunnsdokument for Nærpolitireformen og beskriver et klart behov for å gjennomføre både en kvalitetsreform og en strukturreform. En strukturreform i politiet, herunder utarbeidelse av nye tjenesteenheter, har som formål å frigjøre ressurser til løsning av kjerneoppgavene i etaten. Strukturreformen skal videre legge til rette for et kompetent og robust lokalt politi, samt sterke fagmiljøer og spesialister regionalt og nasjonalt.

Nærpolitireformen skal omstrukturere politiet for å skape en handlekraftig og moderne organisasjon som skal bli enda bedre til å forebygge og bekjempe kriminalitet.

Stortinget har vedtatt en reform med disse hovedelementene:

- Styrking av nærpolitiet gjennom krav til polititjeneste
- Færre, men mer robuste og kompetente politidistrikt
- Mer samarbeid mellom politiet og kommunene
- Noe færre oppgaver for politi (dette skal utredes nærmere)

Hovedmålet med reformen er å skape et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlinger og sikre innbyggerne trygghet.

² Prop. 61 LS (2014-15) Endringer i politiloven m.v. (trygghet i hverdagen – nærpolitireformen)

³ Justis- og beredskapsdepartementet 14.03.2016: Oppdragsbrev om gjennomføring av nærpolitireformen – del 3 – politidistriktenes lokale struktur - tjenestestrukturen

⁴ Justis- og beredskapsdepartementet 21.010.2015: Oppdragsbrev om gjennomføring av nærpolitireformen, del 2, politidistriktets interne organisering

⁵ Politidirektoratet 1.6.2016: Oppdrag om effektivisering av politidistriktenes lokale struktur – geografiske driftsenheter, tjenesteenheter og tjenestesteder

⁶ NOU 2013:9 Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer (Politianalysen)

Tilrådning – effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt				
Skrevet av: M. Frøland	Dato: 15.12.16	Versjon: 1.0	Status: Godkjent	Side 6 av 34

2.3 Grunnlagsdokumenter

De viktigste rammebetingelsene er:

- Politisk beslutning om reform av politiet og nye politidistrikter - Prop. 61 LS (2014-2015) Endringer i Politiloven mv.
- Prop. 1S (2014-15)
- Prop. 1S (2015-16)
- Avtalen mellom regjeringspartiene (Frp og Høyre) og Venstre om grunnlaget for et fremtidsrettet, robust nærpolti
- Innst. 306 S (2014-15), inkl. samledokumenter for enighet mellom Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre om Nærpolitireformen
- Innst. 307 L (2014-15)
- Oppdragsdokument Nærpolitireformen
- Oppdragsbrev 2015 – Gjennomføring av nærpolitireformen (del 1 med vedlegg)
- Oppdragsbrev 2015 – Gjennomføring av nærpolitireformen (del 2 med vedlegg)

2.4 Avhengigheter og avgrensninger

Møre og Romsdal politidistrikt gjennomgår en omfattende endringsprosess hvor man er avhengig av å se sammenhenger for å kunne ta gode valg når det gjelder etablering av ny tjenesteenhetsstruktur. Arbeidet med effektivisering av tjenestestruktur betinger at man også prioriterer og lykkes med de andre delprosjektene i Nærpolitireformen som for eksempel etablering av ny operasjonssentral, flåtestyring⁷ i hele nye politidistriktet, kunnskapsstyrt drift, bruk av nye arbeidsmetoder og ny teknologi.

Kommunereformen vil medføre endringer i antall kommuner i fylket. Dette forslaget tar utgangspunkt i dagens kommunestruktur. Dersom kommunereformen gir grunn til å gjøre endringer i tjenestestrukturen i politidistriktet, vil dette bli gjort i forbindelse med planlagte evalueringer av nærpolitireformen i Møre og Romsdal.

Politidistriktet har leiekontrakter ved 27 lokasjoner i fylket i dag⁸. Langsiktige leieavtaler som ble inngått for mange år siden har i mange tilfeller lokaler tilpasset struktur og arbeidsoppgaver som ikke er gjeldende lenger. Dette medfører at det vil bli endringer i hvor politiets lokasjoner vil være på lengre sikt. Dette forslaget tar likevel utgangspunkt i dagens lokasjoner ved beregning av kjøretid o.l. Det vil være helt nødvendig med overgangsordninger, på tross av ny tjenestestruktur, slik at politiet til enhver tid best mulig utnytter de EBA-ressursene man råder over.

For å få en effektiv og god polititjeneste i grensetraktene opp mot andre politidistrikt, kan det være aktuelt å inngå avtaler om vakt- og beredskapssamarbeid. Dette gjelder spesielt for Vanylven kommune der det allerede er etablert et vaktsamarbeid på tvers av politidistriktsgrensene.

Spørsmålet om inndeling i geografiske driftsenheter er ikke berørt i det videre. Dette var en del av høringen. Se punkt 2.5 om videre prosess.

⁷ Flåtestyring innebærer en mer helhetlig og fleksibel styring av personell

⁸ 3 leiekontrakter er nylig sagt opp. I tillegg kommer politiets areal ved flyplassene

Tilråkning – effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt				
Skrevet av: M. Frøland	Dato: 15.12.16	Versjon: 1.0	Status: Godkjent	Side 7 av 34

2.5 Tilnærming og organisering

I Møre og Romsdal politidistrikt er arbeidet organisert i et lokalt prosjekt⁹ som skal drive nødvendige endringer fram i Møre og Romsdal politidistrikt. Det er utpekt en styringsgruppe som skal være politimesterens rådgivere i utviklingsarbeidet.

Involvering og medbestemmelse har vært og er viktig i det lokale utviklingsarbeidet. I praksis har dette blitt gjort ved at samtlige arbeidstakerorganisasjoner og vernetjenesten representert i styringsgruppen. I forbindelse med utvikling av ny tjenesteenhetsstruktur ble også samtlige kommuner i fylket invitert til å delta i denne gruppen (utvidet styringsgruppe). De første møtene i utvidet styringsgruppe ble avholdt i juni 2016. I disse møtene ble kommunene enig om at det var lite hensiktsmessig med en så stor styringsgruppe og hvert av regionrådene utpekte derfor tre representanter og en fast vararepresentant til den utvidede styringsgruppen¹⁰.

Styringsgruppen har utpekt arbeidsgruppen som har utarbeidet forslag til ny tjenestestruktur og utvidet styringsgruppe har senere gitt til tilslutning til dette og har gitt føringer og mandat til arbeidsgruppen¹¹.

Samarbeidskonferanser med kommunene har vært viktige arenaer i utviklingsarbeidet. Samtlige kommuner ble invitert og disse har deltatt bredt og med stort engasjement med for eksempel ordfører, rådmann, rektor, brannsjef. Temaene på konferansene var forbyggende arbeid, beredskap, kontakt med kommunene og tjenestestedsstruktur.

